

# **Førebygging og handtering av homofobisk erting i ungdomsskulen**

**Revidert rapport med utprøving og forslag til tiltak**

**av**  
**Hilde Slåtten**  
**Norman Anderssen**  
**Ingrid Holsen**

**UNIVERSITETET I BERGEN. HEMIL-SENTERET**  
Senter for forskning om helsefremmende arbeid, miljø og livsstil.  
**AVDELING FOR SAMFUNNSPSYKOLOGI**  
**OG UNIFOB HELSE**



# INNHOLD

<b>INNHOLD.....</b>	<b>3</b>
<b>FØREORD.....</b>	<b>4</b>
<b>SAMANDRAG .....</b>	<b>5</b>
<b>HOMOFOBISK ERTING.....</b>	<b>7</b>
FORKLARING AV TERMEN ”HOMOFOBISK ERTING” .....	7
FØREKOMSTEN AV HOMOFOBISK ERTING .....	9
<b>BAKGRUNNEN FOR DEN REVIDERTE RAPPORTEN.....</b>	<b>11</b>
FØRSTE RAPPORT: ”FØREBYGGING OG HANDTERING AV HOMOFOBISK ERTING; OVERSIKT OG FORSLAG TIL TILTAK” .....	11
<b>UTPRØVING AV TILTAK PÅ TRI UNGDOMSSKULAR .....</b>	<b>13</b>
OPPLEGG .....	13
MILJØ- OG ÅTFERDSFAKTORAR SOM HAR STØTTA OG HINDRA IVERKSETJINGA AV TILTAKA .....	13
LÆRARANE SINE KUNNSKAPAR OG ERFARINGAR MED IMPLEMENTERINGA AV TILTAKA .....	15
HELSEFREMJANDE FILOSOFI OG SOSIALPSYKOLOGISK TEORI .....	15
<b>KVIFOR FØREBYGGJE HOMOFOBISK ERTING?.....</b>	<b>17</b>
HOMOFOBISK ERTING RÅKAR ALLE ELEVAR.....	17
NEGATIVE KONSEKVENSAR FOR HOMofile OG LESBISKE UNGDOMMAR .....	17
ALL ERTING MED HOMO-ORD FØRESET EI UNDERFORSTÅTT NEGATIV HALDNING OM HOMOSEKSUALITET .....	19
Å TILLATE HOMOFOBISK ERTING UTGJER VILKÅR FOR AT BARN OG UNGE LÆRER NEGATIVE HALDNINGAR TIL LESBISKE OG HOMofile .....	20
NASJONALE FØRINGAR OM FØREBYGGING AV HOMOFOBISK ERTING I NORSKE SKULAR .....	21
<b>UTFORDRINGAR I HANDTERING AV HOMOFOBISK ERTING .....</b>	<b>23</b>
LÆRARAR HAR SPESIAKOMPETANSE I Å ETABLERE GODE LÆRINGSMILJØ, MEN IKKJE NOK OPPLÆRING OM HOMONEGATIVISME .....	23
ALLEREIE MARGINALISERTE MINORITETAR I KLASSEROMMET .....	24
LITA TID OG KONKURRERANDE PROSJEKT .....	25
<b>BAKGRUNNSEMNE .....</b>	<b>26</b>
LESBISK OG HOMOFIL UNGDOM FLEST .....	26
HOMofile, LESBISKE OG HETEROFILE LÆRARAR .....	27
INFORMASJON OM HOMOSEKSUALITET, HETEROSEKSUALITET OG BISEKSUALITET .....	27
<b>TILTAK FOR FØREBYGGING OG HANDTERING AV HOMOFOBISK ERTING .....</b>	<b>29</b>
<b>1. ETABLERE NULLTOLERANSE MOT HOMOFOBISK ERTING, OG INKLUDERE DETTE I SKULEN SIN HANDLINGSPLAN MOT MOBBING.....</b>	<b>30</b>
<b>2. BYGGJE OG NYTTE KOMPETANSE BLANT LÆRARANE I HANDTERING AV HOMOFOBISK ERTING .....</b>	<b>34</b>
<b>3. AUKE BEVISSTHEITA OM HOMOFOBISK ERTING BLANT ELEVANE .....</b>	<b>37</b>
<b>4. TA AVSTAND FRÅ OG SLÅ NED PÅ HOMOFOBISK ERTING .....</b>	<b>42</b>
<b>REFERANSAR .....</b>	<b>45</b>
<b>VEDLEGG: RESSURSHEFTE FOR LÆRARAR: FØREBYGGING OG HANDTERING AV HOMOFOBISK ERTING .....</b>	<b>49</b>

## FØREORD

Dette er ein rapport som Barne- og likestillingsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har finansiert, med Unifob Helse som prosjektansvarleg institusjon.

Rapporten er laga til lærarar i ungdomsskulen for at dei skal bli betre i stand til å førebyggje og handtere homofobisk erting, og for at elevane på ungdomsskulen skal bli verna mot å høyre homonegative uttrykk bli brukt i deira skulemiljø. Rapporten inneheld blant anna informasjon om homofobisk erting, tiltak for korleis skulane kan førebyggje og handtere homofobisk erting og ressurshefte til lærarane om førebygging og handtering av homofobisk erting.

Denne reviderte rapporten byggjer på rapporten *"Førebygging og handtering av homofobisk erting. Oversikt og forslag til tiltak"* (2007) som vart utarbeida av forskarassistent Hilde Slåtten, førsteamanuensis Norman Anderssen og førsteamanuensis Elisabeth Fosse, utgjeven av Avdeling for samfunnpsykologi ved Universitetet i Bergen (Slåtten, Anderssen, & Fosse, 2007). Delar av denne reviderte rapporten er direkte henta frå den fyrste rapporten medan andre delar er nye. Den reviderte rapporten byggjer òg på eit utprøvingsprosjekt ved tri ungdomsskular, og lærarane sine kunnskapar og erfaringar med å prøve ut dei føreslåtte tiltaka frå den fyrste rapporten.

Ein stor takk vert retta til dei særskilt hjelpsame lærarane ved Gloppen ungdomsskule i Sogn og Fjordane, Kleppestø ungdomsskule i Hordaland og Lye ungdomsskule i Rogaland, for godt samarbeid i utprøvingsprosjektet med tiltaka for førebygging og handtering av homofobisk erting, og for verdifulle innspel i arbeidet med å revidere dei føreslåtte tiltaka.

Me vil òg takke leiar Jon Reidar Øyan frå Landsforening for Lesbisk og Homofil frigjøring (LLH), leiar Rolf Angeltvedt frå Helseutvalget, kjønnsforskar Åse Røthing frå Universitetet i Oslo og førstelektor Nina Grieg Viig frå Høgskulen i Bergen for gode kommentarar til tidlegare utkast av rapporten. Takk òg til Ragnhild Rieber-Mohn for korrekturlesing.

Bergen, 31. mai 2008

Hilde Slåtten

Norman Anderssen

Ingrid Holsen

## SAMANDRAG

Homofobisk erting er ei særskilt form for erting der ungdom brukar ord og uttrykk om homoseksualitet for å kritisere, rakke ned på eller for å uttrykke noko som er teit, dumt, sprøtt, dårlig eller ukult. Sjølv om erting med homo-ord (til dømes ”homo”, ”homse”, ”lesbe”) kan vere vennlegsinna, ligg det likevel ei underforstått tyding av negativitet knytt til homoseksualitet i denne forma for ordbruk, og ertinga vert difor som regel oppfatta negativt. Å tillate negative kommentarar med homo-ord i skulen utgjer eit viktig vilkår for at negative haldningar til lesbiske og homofile skal få leve vidare blant barn og unge.

Homofobisk erting råkar alle. Homofobisk erting inneber at mange slags relasjonar til medelevar av same kjønn direkte og indirekte vert blinka ut, sett ned på og gitt status som potensielt urovekkjande. På den måten verkar homofobisk erting disiplinerande og avgrensande på ein negativ måte for alle elevar. Sjølvsagt er homofobisk erting spesielt vanskeleg for dei elevane som allereie i ung alder identifiserer seg som lesbiske og homofile. Eit miljø som tillet homofobisk erting vil òg råke elevar som seinare vil sjå seg som homofile og lesbiske, og det vil råke elevar med foreldre, sysken og andre nære personar som er homofile eller lesbiske. I følgje Opplæringslova og Kunnskapsløftet er skulane plikta til å skape trygge læringsmiljø og gripe inn når elevar vert utsett for krenkande ord. Siste versjon av Mobbemanifestet seier at skulane skal medverke til at ungdom ikkje vert utsett for homofobi.

Lærarar har særskilt gode føresetnader for å førebyggje og handtere homofobisk erting sidan dei dagleg profesjonelt må forhalde seg til alle slags samhandlingar og konfliktstoff knytt til elevane sin kvardag. Men dei fleste lærarane har ikkje spesiell opplæring i emnet homonegativisme, og dette er ei utfordring. Vidare er skulekvardagen til lærarane svært travel og fylt opp med mange og konkurrerande prosjekt og oppgåver, og det er lite tid for nye og tidkrevjande tiltak. Tiltaka som vert beskrive i denne rapporten, er difor utvikla slik at dei krev lite tid og pengar. Fyrst og fremst er det aktuelt å innlemme førebygging og handtering av homofobisk erting i skulen sin handlingsplan mot mobbing og i skulen sine eksisterande faglege opplegg.

Tiltaka vart fyrste gongen presenterte i rapporten ”*Førebygging og handtering av homofobisk erting i ungdomsskulen; oversikt og forslag til tiltak*”, og vart hausten 2007 prøvde på til saman tri ungdomsskular i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Lærarane sine kunnskapar og erfaringar med implementeringa av tiltaka vart så brukte til å revidere og

vidareutvikle tiltaka, slik at dei passar til norske ungdomsskular. Tiltaka me legg fram i denne reviderte rapporten er:

1. Etablere nulltoleranse mot homofobisk erting og inkludere dette i skulen sin handlingsplan mot mobbing
2. Byggje og nytte kompetanse blant lærarane i handtering av homofobisk erting
3. Auke bevisstheita om homofobisk erting blant elevane
4. Ta avstand frå og slå ned på homofobisk erting

## HOMOFOBISK ERTING

### Forklaring av termen "homofobisk erting"

Homofobisk erting er ei særskilt form for erting der ungdom brukar ord og uttrykk om homoseksualitet for å kritisere, for å rakke ned på ein person, eller for å uttrykke noko som er teit, dumt, sprøtt, därleg eller ukult (Drake, Billington, & Ellis, 2004; Kosciw & Diaz, 2006; Peters, 2003; Witkowska, 2005; AAUW, 2001). ertinga kan innehalde bruk av kallenamn slik som "homo", "homse", "soper", "lesbe", andre ord som elles vert brukt til å beskrive nokon som er lesbiske eller homofile (Drake et al., 2004), og uttrykk som "Du er så homo" eller "Det er så homo". erting med homo-uttrykk er ei form for trakassering av homofile og lesbiske som skil seg frå andre typar trakassering av homofile og lesbiske. Det særskilte med homofobisk erting er at ertinga ikkje treng vere direkte retta mot homofile og lesbiske for at ho skal opplevast som trakasserande (Burn, 2000). Kallenamna og uttrykka er ikkje nødvendigvis meint som vondsinna. Nokre gonger kan ertinga vere ein måte å tulle på ein hyggeleg måte (Kavlie & Lilletvedt, 2002). I ei intervjuundersøking blant elevar i ungdomsskulen fann Kavlie og Lilletvedt (2002) at ungdom brukar homo-uttrykk blant anna til å stadfeste at dei høyrer til i ei ungdomsgruppe, og for å styrke vennskap mellom gutter. Homo-uttrykk kan såleis vere etablerte og normative uttrykk blant heterofile gutter og jenter som gjerne vert brukt for å vinne aksept og anerkjenning i sosiale grupper (Burn, 2000).

Å kalle ein person eller ein ting for "homo", har ofte ikkje noko direkte å gjere med dei involverte personane sine reelle seksuelle preferansar. Ungdom ser ut til å bruke "homo" til medelevar der dei ikkje set spørsmålsteikn ved medelevana si seksuelle orientering. Når ungdommane brukar "homo" og liknande uttrykk som kallenamn om gutter, er tydinga ofte synonym med ikkje-maskulin (Drake et al., 2004; Jennett, 2004a; Pascoe, 2003). Medelevar som ikkje følgjer normer for korleis det er forventa at ein gut eller ei jente skal te og kle seg, eller som har interesser eller behov som skil seg frå det me tradisjonelt assosierer med maskulinitet og femininitet, er særskilt utsette for homofobisk erting (Bridget, 2003); Ei intervjuundersøking blant yngre menn i Australia viser at yngre gutter der brukar homo-uttrykk utan å referere til seksuell orientering, og at den seksuelle konnotasjonen til uttrykka først kjem når gutane vert eldre. Blant desse yngre mennene var tydinga av homo-uttrykka i yngre aldrar meir knytt til ein manglande stereotypisk maskulinitet, og det å vere annleis enn resten av gruppa (Plummer, 2001). I følgje nordamerikanske studiar ser det ut til at

kunstnariske interesser, ei manglande sportsinteresse, og å ikkje synleg vise interesse for jenter òg er oppgitt som grunnar til kvifor nokre gutar vart kalla for "homo" eller liknande uttrykk (Pascoe, 2003; Smith, 1998).

Homofobitermen er grundig kritisert både i Noreg (Røthing, 2007) og andre land (Herek, 2004) fordi han signaliserer at det er noko sjukleg ("fobisk") ved dei som er negativt innstilte til homofile og lesbiske, og fordi han rettar sokjelyset mot personar (dei homofobiske) framfor å rette sokjelyset mot kulturelle forordningar som til dømes kjønnsrelasjonar og synet på det kvinnelege og mannlege. Med andre ord blir homofobitermen kritisert for å individualisere noko som mange meiner er overindividuelt. Me nyttar likevel termen homofobi i uttrykket homofobisk erting i denne rapporten, fordi homofobi-uttrykket har gått inn i vanleg språkbruk i Noreg. Alle veit i dag at med homofobi så tenkjer me på noko uakseptabelt. Homofobiuttrykket blei lansert av den nordamerikanske psykologen George Weinberg i 1972 (Weinberg, 1972). Utrykket har vist seg å ha stor retorisk slagkraft, og har blitt eit vanleg ord i Noreg, USA og andre land.

Grunnen til at me snakkar om mobbing og ikkje erting, er at mobbing inneber ei systematisk og alvorleg plaging, det vil seie eit smalare nedslagsfelt enn det me tek opp i denne rapporten. Mobbing kan definerast som: "*En person er mobbet eller plaget når han eller hun, gjentatte ganger og over en viss tid, blir utsatt for negative handlingar fra en eller flere andre personer*" (Olweus, 1994, s. 17). Når handlingar er så alvorlege at dei inngår som mobbing, har skulane retningslinjer for korleis dei skal handtere dette, gjerne gjennom ein handlingsplan mot mobbing. Handlingar som inneber erting eller bruk av skjellsord mellom jambyrdige elevar, vil normalt ikkje bli sett som mobbing dersom det skjer sporadisk, og så lenge det ikkje inneber ei systematisk plaging av ein eller fleire elevar. Elevane kan såleis slik det er i dag bruke skjellsord mot kvarandre utan at det vert oppfatta som mobbing, og utan at det vert slått ned på. Eit unntak frå dette er når elevane ertar med rasistiske uttrykk, eller når elevane brukar ord og uttrykk som heng ut etniske minoritetar. Då er ofte lærarane raske på banen og stoppar ertinga sjølv ved eingongshendingar. Eit av uttrykka som òg ofte vert brukt som skjellsord, men som mange lærarar ikkje slår ned på, er ordet "homo". For at homoerting skal bli fanga opp i skulen sin handlingsplan mot mobbing, må med andre ord ein elev bli systematisk og gjenteke erta dersom me følgjer definisjonen av mobbing. Me har difor valt å bruke uttrykket homofobisk erting og ikkje homofobisk mobbing, fordi me vil kaste lys over alle typar plaging med bruken av homo-ord, og ikkje berre den som er systematisk og gjentakande.

## Førekomensten av homofobisk erting

I Noreg har ikkje erting med homofile og lesbiske uttrykk blitt kartlagt på nokon statistisk representativ måte, men nyanserte kvalitative undersøkingar med god bakkekонтакт kan tyde på at denne type erting og homonegativisme er eit meiningsmetta fenomen blant norske ungdomsskuleelevar (Kavlie et. al, 2002; Røthing, 2007; Sundnes, 2003), og at til dømes ord som ”homse” vert brukt som skjellsord blant ungdom (Kavlie et. al, 2002; Sundnes, 2003). I ein norsk studie med 134 homofile, lesbiske og bofile eldre tenåringar rapporterte 81% av gutane og 39% av jentene at dei hadde blitt ertat med homofile og lesbiske uttrykk medan dei gjekk på ungdomsskulen (Slåtten, 2007). Ei anna norsk undersøking frå nokre år tilbake med 477 homofile og lesbiske mellom 16 og 24 år viser at 27% av kvinnene og 32% av mennene seier dei har blitt utsett for trakassering, mobbing, eller at nokon har snakka bak ryggen deira på skulen eller arbeidsplassen fordi dei var homofile eller lesbiske (Hegna, Kristiansen, & Moseng, 1999). I ein observasjonsstudie med norske tiandeklassingar fann Røthing (2007) at negative haldningar til homoseksualitet ofte vart uttrykte i klasserommet og særleg blant gutane. At negative haldningar til homofili ofte vart uttrykt på ungdomsskulen, er kanskje ikke så uventa, då ei norsk undersøking blant 511 19-åringar viste at 63% av gutane og 43% av jentene hadde negative haldningar til homofile menn, og 39% av gutane og 43% av jentene hadde negative haldningar til lesbiske kvinner (Anderssen, 2002). Homofile og lesbiske ungdommar ser også ut til å bli oftere utsett for mobbing enn heterofile ungdom. I ein representativ studie med 11 519 Osloungdom frå niande og tiande klasse på ungdomsskulen og fyrste klasse på vidaregåande kom det fram at 23% av dei homofile/bofile gutane rapporterte at dei vart mobba dagleg medan berre 2% av dei heterofile gutane rapporterte det same. Blant jentene rapporterte 5% av dei lesbiske/bofile jentene og 1% av dei heterofile jentene at dei vart mobba dagleg (Moseng, 2007). I denne undersøkinga vart ikke ungdommane spurte om dei vart mobba på grunn av deira seksuelle orientering, eller om det vart nytta homo-ord i mobbinga.

I Sverige og USA er førekomensten av det å erte med homo-ord blitt kartlagt i representative utval med elevar. Blant anna viser eit svensk utval med 980 17- og 18-åringar at 53% av gutane og 17% av jentene seier at dei sjølv har blitt kalla for lesbisk, homo, homse eller liknande ord det siste skuleåret (Witkowska, 2005). I ein liknande amerikansk studie med 2064 elevar frå åttande til ellevte klasse rapporterte 42% av gutane og 29% av jentene at dei har blitt kalla ”gay” [homo] eller ”lesbian” [lesbisk] (AAUW, 2001). Tendensen i alle desse studia er at gutter er meir råka av homofobisk erting enn jenter. Svenske lærarar ser og

øg ut til å vere av den oppfatninga at erting med homo-ord er utbreidd. I ei svensk undersøking med 306 ungdomsskulelærarar sa 78% av lærarane at det blant elevar "ofte" eller "i blant" førekjem sjargong med nedlatande kommentarar, krenkande vitsar eller krenkande bilete på grunn av seksuell orientering (Sahlström, 2006).

Amerikanske, britiske og svenske studiar har òg vist at homo-vitsar, homofobisk namnbruk og støytande kommentarar om homofile og lesbiske er utbreidd både blant heterofile og homofile ungdommar (Silverschanz, Cortina, Konik, & Magley, 2008), at eit fleirtal av homofile og lesbiske elevar har hørt homo-uttrykk slik som "lesbe", "soper" og "Du er så homo" bli brukt på skulen (Kosciw et. al, 2006; Peters, 2003) og at verbal trakassering av lesbiske, homofile og bifile er svært utbreidd i skulane (D'Augelli, Grossman, & Starks, 2006; Kosciw et. al, 2006; Roth, Boström, & Nykvist, 2005; Warner et al., 2004). Utanlandske studiar som har samanlikna homofile, lesbiske og bifile med heterofile respondentar viser vidare at homofile, lesbiske og bifile erfarer trakassering i større grad enn det heterofile gjer. Til dømes viser ein representativ amerikansk studie at homofile og bifile oftare vert krenka og utsett for kallenamn enn det heterofile vert (Mays & Cochran, 2001), medan det i ein britisk studie kjem fram at fleire homofile menn og lesbiske kvinner enn heterofile menn og kvinner rapporterer at dei vart trakasserte medan dei gjekk på skulen (King et al., 2003). Britiske og nordamerikanske studiar viser vidare at homofile og lesbiske føler seg utrygge på skulen og skulevegen (Bridget, 2003; Garofalo, Wolf, Wissow, Woods, & Goodman, 1999; Robin et al., 2002) og mister undervisning på grunn av redsle (Garofalo, Wolf, Kessel, Palfrey, & DuRant, 1998).

Samla sett: Ingen har grundig kartlagt homofobisk erting i norske ungdomsskular, men konklusjonane frå fleire mindre norske studiar og fleire større utanlandske undersøkingar gjev oss god grunn til å tru at homofobisk erting er eit utbreidd problem i norske ungdomsskular i dag.

## BAKGRUNNEN FOR DEN REVIDERTE RAPPORTEN

### Første rapport: "Førebygging og handtering av homofobisk erting; oversikt og forslag til tiltak"

Bakgrunnen for denne reviderte rapporten er rapporten "*Førebygging og handtering av homofobisk erting i ungdomsskulen; oversikt og forslag til tiltak*", som vart utarbeidd av forskarassistent Hilde Slåtten, førsteamamuensis Norman Anderssen og førsteamamuensis Elisabeth Fosse, og som vart gjeven ut på Avdeling for samfunnpsykologi ved Universitetet i Bergen i 2007 (Slåtten, Anderssen & Fosse, 2007). Rapporten inneheld ei oversikt over temaet homofobisk erting og forslag til tiltak for korleis ungdomsskulane kan førebyggje og handtere ertinga, og mykje av informasjonen i nåverande reviderte rapport er henta herfrå.

Dei originale tiltaka var som følgjer: 1. Byggje kompetanse blant lærarane i handtering av homofobisk erting; 2. Inkludere homofobisk erting i skulen sin handlingsplan mot mobbing; 3. Opprette klassereglar mot homofobisk erting; 4. Ta avstand frå og slå ned på homofobisk erting. Tiltaka i denne første rapporten byggjer på internasjonal engelskspråkleg litteratur om liknande tiltak (Doig, 2001; Drake et al., 2004; Jennett, 2004a; Jennett, 2004b; National Union of teachers, 2004; Project 10, 2007; Warwick & Douglas, 2001), (sjå boks 1), på meir allmenne strategiar og tiltak utarbeidd av mobbeforskaren Dan Olweus (1994) og på sosialpsykologisk teori om forsking om viktige forhold som verkar inn på ungdommar si åtferd. Det er usikkert om tiltaka eller programma som er beskrive i boks 1 fører til redusert førekomst av homofobisk erting, då ingen av programma har vorte tilstrekkeleg evaluert. Det finst per i dag internasjonalt få eller ingen liknande prosjekt som har vorte evaluert (Hansen, 2007). Eit unntak frå dette er ein amerikansk studie som viser at det på skular som tilrettelegg for eit positivt klima til seksuelle minoritetar, førekjem mindre erting med homo-uttrykk enn på skular som ikkje har slike program (Szalacha, 2003). Sidan det ikkje finst program som systematisk har prøvd ut og samtidig evaluert tiltak for førebygging og handtering av homofobisk erting verken i Noreg eller i andre land, var det mest nærliggande å bruke internasjonale rapportar om liknande tiltak som malar i utforminga av tiltaka for førebygging og handtering av homofobisk erting.

## Boks 1

*Rapportar frå skuletiltak for å gjere skuleklimaet betre for lesbiske og homofile elevar. (Men nyttar homofobi-uttrykket i tabellen i tråd med dei einskilde rapportane.)*

Tittel og forfattar	Innhald
<i>Homophobic bullying in schools. Baseline research - Northhamptonshire</i> (Drake, Billington & Ellis, 2004)	Dette er ein rapport frå ei kartlegging av homofobisk erting m.m. gjennom spørjeskjema og fokusgrupper med elevar og lærarar i skulane i regionen/fylket Northamptonshire i England. Rapporten skal utgjere eit arbeidsreiskap for eit partnarskap mellom dei lokale utdanningsstyresmaktene, homo-organisasjonar, politiet og andre. Formålet med partnarskapet er at alle skulane i fylket skal ha retningslinjer og prosedyrar, og med tyngde kunne handtere homofobi og homofobisk mobbing. Dei foreslår tiltaka i rapporten inneber mellom anna justeringar når det gjeld pensum, lærarkunnskap og kjennskap til temaet blant skuleleiarar på alle nivå.
<i>Project 10; diversity matters</i> (Project 10, 2007).	Dette er ei internettseite om eit mangeårig nordamerikansk prosjekt (siden 1984) som vart starta opp som eit tiltak for å støtte homofile, lesbiske, bofile og transsekssuelle i den offentlige skulen i Los Angeles. Målet er at elevar og lærarar skal oppretthalde ein trygg og inkluderande skule der homofile, lesbiske, bofile og transekssuelle elevar blir inkluderte og anerkjente. Internetsida inneheld mellom anna dokument om homofobisk erting som kan nyttast av både lærarar og elevar.
<i>Respect for difference; suicide prevention for young same sex attracted people</i> (Doig, 2001)	Dette er eit australisk ressurshefte til lærarar og rettleiarar utarbeida av "Child and youth health" i staten Sør-Australia med formål om å gjere skulen og samfunnet tryggare for homofile, lesbiske og bofile, og for å inspirere lærarar til å engasjere seg i tema knytt til homoseksualitet. Den overordna ramma var sjølvmordsførebygging blant unge homofile, lesbiske og bofile. Ressursheftet inneheld skildringar av konkrete undervisningsopplegg om seksuell orientering som er blitt prøvd ut på to skular.
<i>Safe for all; a best practice guide to prevent homophobic bullying in secondary schools</i> (Warwick & Douglas, 2001)	Dette er ei britisk handbok utarbeidd av organisasjonen Stonewall. Målet med handboka er å gje lærarane ressursar som kan hjelpe dei i å førebygge homofobisk erting. Handboka bygger på samtalar med elevar, foreldre, lærarar og andre tilsette på sju skular i England. Den inneheld mellom anna informasjon om kvifor og korleis skulane bør ta fatt på homofobisk erting, og korleis homofobisk erting kan integrerast i pensum.
<i>Stand up for us; challenging homophobia in schools</i> (Jennett, 2004a, 2004b)	Dette er ein britisk rapport og fleire ressursdokument utarbeida av "The National Healthy School Standard" om handtering av homofobi i skulen. Målet med rapporten og ressursdokumenta er å hjelpe skulane til å utfordre og respondere på homofobi og homofobisk erting. Dokumenta inneheld mellom anna informasjon om homofobi, oversikt over eit undervisningsopplegg for opplæring av tilsette, og ei rad ressursdokument som lærarane kan bruke i handtering og førebygging av homofobisk erting.
<i>Tackling homophobic bullying; an issue for every teacher</i> (National Union of Teachers, 2004)	Dette er ei rettleidning utarbeida av National Union of Teachers i Storbritania. Dokumentet er laga for å gje lærarane informasjon og råd om korleis takle homofobisk mobbing på skulen og korleis støtte homofile, lesbiske, bofile og transsekssuelle elevar. Dokumentet inneheld informasjon om kva homofobisk mobbing er, kva skadeverknader dette kan ha og praktiske råd for korleis lærarane kan handtere det.

# UTPRØVING AV TILTAK PÅ TRI UNGDOMSSKULAR

## Opplegg

Tiltaka som vart føreslått i rapporten ”*Førebygging og handtering av homofobisk erting i ungdomsskulen; oversikt og forslag til tiltak*” vart hausten 2007 prøvd ut på tri ungdomsskular i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Alle lærarane ved prosjektskulane høyrdde på eit føredrag på om lag 45 minutt om førebygging og handtering av homofobisk erting og fekk såleis auka kunnskap om korleis homofobisk erting kan førebyggjast og handterast. På kvar av dei tri skulane som deltok i prosjektet har to lærarar vidare delteke i eit samarbeid med ein prosjektkoordinator frå HEMIL-senteret om utprøving av tiltak for førebygging og handtering av homofobisk erting. Lærarane og prosjektkoordinatoren har saman diskutert dei enkelte tiltaka, men det har vore opp til dei enkelte lærarane og skulane kva tiltak som vart prøvd ut, og prosjektkoordinatoren har ikkje vore involvert i sjølv implementeringa av tiltaka. Under prosjektperioden hadde kvar lærargruppe og prosjektkoordinator tri møte (inkludert eit telefonmøte). Målet for møta var å kartlegge lærarane sine erfaringar med utprøvinga av dei føreslårte tiltaka, og å kartlegge ressursar og barrierar for førebygging og handtering av homofobisk erting på dei enkelte ungdomsskulane. Lærarane sine kunnskapar og erfaringar med implementeringa av tiltaka vart vidare brukt til å revidere og vidareutvikle tiltaka slik at dei passar til norske ungdomsskular.

## Miljø- og åferdsfaktorar som har støtta og hindra iverksetjinga av tiltaka

Rammeverket for utprøvinga og revideringa av tiltaka var PRECEDE- PROCEED modellen av Green og Kreuter (1999). Dette er ein modell som ofte vert brukt innan helsefremjande arbeid for å designe, evaluere og implementere tiltak til dømes innan helse og skule (Tones & Green, 2005). Modellen eignar seg godt for prosjekt som inneheld ulike prosjektfasar som har som mål å uvikle, implementere og evaluere tiltak kor det er naudsint å ta heilskaplege og komplekse omsyn (Tones & Green, 2005). Det er særskilt tredje fase av PRECEDE- PROCEED modellen, nærare bestemt ein økologisk analyse av åtferd og miljø som vart brukt for å evaluere utprøvinga av tiltaka for førebygging og handtering av homofobisk erting. Eit av hovudmåla med møta med lærarane var å kartlegge dei ulike miljø og åferdsfaktorane

som har støtta og hindra iverksetjinga av tiltaka. Hovudfunna for denne kartlegginga er oppsummert i boks 2.

**Boks 2: Miljø- og åferdsfaktorar som har støtta og hindra iverksetjinga av tiltaka for førebygging og handtering av homofobisk erting**

Støttande miljøfaktorar	Hindrante miljøfaktorar	Støttande åferdsfaktorar	Hindrante åferdsfaktorar
Godt etablerte mobbetiltak som til dømes Olweus-programmet	Manglande fristilt tid til å jobbe med prosjektet	Rektor, skuleleiing og lærarar som er støttande og positive til prosjektet	Homofobisk erting ikkje vurdert som eit problem eller viktig blant lærarane
Program om sosial kompetanse	Konkurrerande arbeidsoppgåver og prosjekt som krev tid og ressursar	Positive haldningar til homoseksualitet	Redsle blant lærarane om at fokus på homofobisk erting vil auke omfanget av ertinga
Nulltoleranse mot generell mobbing	Religiøse miljø med negative haldningar til homoseksualitet	Positive elevar og foreldre	Manglande utøvande makt blant lærarane som deltok i prosjektet, (ikkje medlemskap i plangruppa)
Erfaring med tiltak for endringsprosessar	Manglande struktur for endringsprosessar ved skulen	Oppmerksame og bevisste lærarar med gode erfaringar med å handtere homofobisk erting	Umodne elevar
Trinnsamlingar og annan struktur for å implementere tiltak	Skuleleiing ute av drift, sjukdom og permisjon blant lærarane	Gode erfaringar med å førebyggje homofobisk erting på ungdomsskulen	Manglande dialog med skuleleiinga
			Eldre konservative kollegaer negative til prosjektet

Dei hyppigast rapporterte miljø- og åferdsfaktorane som har støtta eller hindra iverksetjinga av tiltaka var lite tid til å jobbe med prosjektet og ein travle skulekvardag, kor det var lite rom for anna enn obligatoriske gjeremål (sjå boks 2). Alle lærarane nemnte desse faktorane som barrierar for å implementere tiltaka for førebygging og handtering av homofobisk erting. På grunn av desse faktorane har tiltaka i rapporten blitt reviderte, slik at implementeringa av tiltaka ikkje vil krevje mykje tid eller ressursar frå verken skuleleiinga eller dei einskilde lærarane.

## **Lærarane sine kunnskapar og erfaringar med implementeringa av tiltaka**

Lærarane frå dei tri deltagande skulane rapporterte stort sett at dei hadde gode erfaringar med implementeringa av tiltaka. Lærarane var i utgangspunktet positivt innstilte til tiltaka, og dei fyrste samtalane med lærarane var prega av optimisme med omsyn til å implementere tiltaka på dei tri skulane.

Dei originale tiltaka var:

1. Byggje kompetanse blant lærarane i handtering av homofobisk erting
2. Inkludere homofobisk erting i skulen sin handlingsplan mot mobbing
3. Opprette klasseregler mot homofobisk erting
4. Ta avstand frå og slå ned på homofobisk erting

Grunna miljø- og åtferdsfaktorar som hindra iverksetjinga av tiltaka som beskrive ovanfor fekk skulane berre i varierande grad implementert tiltaka. Tidsramma for implementeringsperioden var avgrensa til eit halvt år, så ingen av skulane fekk fullstendig inkludert homofobisk erting i skulen sin handlingsplan mot mobbing, då ei slik handling ville teke lengre tid. To av skulane hadde likevel starta prosessen med å få dette til.

Nokre av lærarane hadde innvendingar mot tiltaket som handla om å opprette klasseregler mot homofobisk erting, då dei vagra seg mot å regulere elevane for mykje i form av klasseregler. Dette tiltaket vart difor teke vekk i den reviderte rapporten. I staden vart det laga eit nytt tiltak som gjekk på å auke bevisstheita om homofobisk erting blant elevane. Tiltaka som handla om å byggje og nytte kompetanse om homofobisk erting blant lærarane, og ta avstand frå og slå ned på homofobisk erting vart behalde, men innhaldet har vorte noko justert etter anbefalingar og ønske frå lærarane. I den reviderte rapporten er det blant anna lagt til fleire konkrete råd som lærarane kan bruke for kvart av tiltaka. Den reviderte rapporten er òg tilrettelagt slikt at tiltaka i større grad kan integrerast i skulen sitt allereie eksisterande førebyggingsarbeid og skulane sine pedagogiske profilar.

## **Helsefremjande filosofi og sosialpsykologisk teori**

Prosjektet byggjer på eit sosialpsykologisk perspektiv på fordommar og marginalisering og på ein helsefremjande filosofi. Fordommar og verbale eller fysisk aggressive handlingar forstår me i termar av sosial læring og interaksjon, der me ser trakassering som sosialt skapt og

vedlikehalde. Det er ved å gripe inn i sosiale prosessar ein kan gjere noko med homotrukasserande handlingar.

Med ein helsefremjande filosofi vil dette prosjektet leggje vekt på førebygging, det vil seie korleis skulane kan leggje til rette for tiltak som vil redusere farane for at homofobisk erting førekjem. Viktige innfallsvinklar for endringsprosessar innan den helsefremjande filosofien er å skape policyar (som til dømes ein policy om nulltoleranse mot homofobisk erting), og å leggje til rette for auka kunnskap og ferdigheiter (som til dømes kunnskap om konsekvensane av å bli trakassert med homo-ord og ferdigheiter i å diskutere emnet med elevar). Det er alltid viktig at tiltaka er berekraftige sjølv etter at ein prosjektperiode har teke slutt.

Bakgrunnen til forfattarane av den reviderte rapporten er frå helsefremjande arbeid og psykologi, og me vil difor ikkje gå nærare inn på pedagogiske hovudperspektiv. Me trur at skulen og lærarane kan justere tiltaka og inkorporere dei i dei arbeidsmåtane og pedagogiske profilar som skulen og lærarane måtte ha. Tiltaka byggjer på at lærarane har spesialkompetanse i å utvikle gode læringsmiljø for elevane. Tiltak me legg fram i denne reviderte rapporten er:

1. Etablere nulltoleranse mot homofobisk erting og inkludere dette i skulen sin handlingsplan mot mobbing.
2. Byggje og nytte kompetanse blant lærarane i handtering av homofobisk erting
3. Auke bevisstheita om homofobisk erting blant elevane
4. Ta avstand frå og slå ned på homofobisk erting

# KVIFOR FØREBYGGJE HOMOFOBISK ERTING?

## **Homofobisk erting råkar alle elevar**

Homofobisk erting råkar alle. Homofobisk erting inneber at mange slags relasjoner til medelevar av same kjønn direkte og indirekte vert blinka ut, sett ned på og gitt status som potensielt urovekkjande. På den måten verkar homofobisk erting disiplinerande og begrensande på ein negativ måte for alle elevar. Til dømes: jo meir homofobisk erting, jo meir vil ein gut late vere å ta på ein annan gut på ein venlegsinna måte, bortsett frå i helt spesielle samanhengar som til dømes på fotballbanen. Difor er førebygging av homofobisk erting i ungdomsskulen ikkje ei spesialsak berre for dei elevane som måtte identifisere seg som homofile eller lesbiske.

Studiar med heterofile elevar viser at det for dei kjennest negativt å bli erta med homo-ord, og at deira psykiske helse faktisk vert negativt råka av å bli kalla med homofobiske tilnamn. Til dømes viser ein amerikansk studie med ungdomsskuleelevar at gutane som vart kalla homofobiske tilnamn skåra høgare på skala for depresjon og angst, medan jentene som vart kalla homofobisk namn hadde ei meir tilbaketrekkande åtferd (Poteat & Espelage, 2007). Då elevane i ei svensk undersøking vart spurta i kva grad dei syntest at det var eit problem at elevar kalla kvarandre for lesbisk, homo, homse og liknande ord, svara 61% av gutane og 57% av jentene bekreftande på at dei syntest at dette var eit problem (Menckel & Witkowska, 2002).

## **Negative konsekvensar for homofile og lesbiske ungdommar**

Erting med homofile og lesbiske uttrykk kan vere personleg krenkande for lesbiske og homofile gjennom det nedsetjande premissset som ligg i botn: ertinga fungerer berre ved at homoseksualitet vert sett som noko därleg. Det er ei därleg hending for deg at nokon impliserer noko negativt om deg. Vidare er det ei därleg hending for deg om nokon ertar andre med noko som òg handlar om deg, det vil seie, at du som lesbisk eller homofil ser og hører at andre vert erta med homouttrykk. Nokre gonger kan ertinga vere morosam i tydinga slagferdig, og andre gonger vil ertinga av deg sjølv eller andre kan hende ikkje kjennast vond, men me trur at erting med homouttrykk likevel har därlege konsekvensar på lengre sikt, fordi ein sit att med ei forsterking av ein negativ undertone og eit fråver av støtte. Difor kan ein seie

at erting med homouttrykk er direkte og indirekte krenkande. Når homofile og lesbiske elevar vert utsett for homofobisk erting på skulen, kan det skape ein negativ atmosfære i skulekvardagen deira og få dei til å kjenne seg utrygge.

Fleire studiar har samanlikna lesbiske og homofile ungdommar som *ikkje* har vore utsette for verbal trakassering med lesbiske og homofile ungdommar som har vore utsette for dette. Ein norsk studie viser at homofil, lesbisk og bifil ungdom som gjekk på ungdomsskular kor det var mykje erting med homofile eller lesbiske uttrykk, hadde fleire depressive symptom enn ungdom som gjekk på skular der slik erting ikkje førekom (Slåtten, 2007). Internasjonale studiar viser at homofile, lesbiske og bofile som har blitt mobba eller utsett for trakassering, har fleire depressive symptom (Otis & Skinner, 1996; Williams, Connolly, Pepler, & Craig, 2005) og andre psykiske problem (D'Augelli, Pilkington, & Hershberger, 2002; McNamee, 2006; Warner et al., 2004), inklusive det å forsøke å ta livet sitt (Warner et al., 2004), samanlikna med andre homofile og lesbiske.

Dersom ein samanliknar gjennomsnittet av heteroseksuelle ungdommar med gjennomsnittet av lesbiske og homofile ungdommar, syner det seg at gjennomsnittet blant homofile og lesbiske ungdommar er noko høgare på fleire mål på om ein har det vanskeleg. Ei norsk undersøking tyder på at ein større del av desse ungdommane enn av andre ungdommar har prøvd å ta livet av seg (Wichstrom & Hegna, 2003). Internasjonale studiar syner at fleire homofile, lesbiske og bofile kjenner seg isolerte (Ellis & High, 2004). Det er mest rimeleg å tolke desse skilnadene som ein dynamikk, der ein for det første tek utgangspunkt i at homoseksualitet blir marginalisert og forskjellsbehandla i samfunnet vårt (Hellesund, 2006), sjølv om det truleg er lettare i dag å erkjenne seg som homofil eller lesbisk enn for nokre tiår sidan (Giertsen & Anderssen, 2007). For det andre vil dei lesbiske og homofile ungdommane som er psykologisk sårbare, lettare reagere med personleg liding med alvorlege utslag, og desse vil dra opp gjennomsnittet for heile gruppa av lesbiske og homofile ungdommar.

Homofobisk erting råkar ikkje berre elevar som på nåverande tidspunkt ser seg sjølve som homofile eller lesbiske. Eit miljø som tillet homofobisk erting vil òg råke elevar som seinare vil identifisere seg som homofile eller lesbiske, og det vil råke elevar med foreldre, sysken og andre nære personar som er homofile eller lesbiske.

## All erting med homo-ord føreset ei underforstått negativ haldning om homoseksualitet

Kva med godlynt homofobisk erting? Nokon vil truleg spørje om kvifor me skal kjempe mot det som vert oppfatta som godlynt erting med homotema - med andre ord: Er det humørlaust å arbeide for å førebyggje erting med homo-ord? Mange vil tenke på at erting ofte er noko hyggeleg, og at det verkar unødig styrande og inngrinande å jobbe for å førebyggje hyggjelege omgangsformar elevar i mellom. Me veit at mange av dei som ertar med homo-ord ikkje nødvendigvis meiner noko vondsinna. Tvert om, nokre gonger kan slik erting til og med vere ein måte å syne merksem og nærliek på. Det var dette Kavlie og Lilletvedt (2002) fann i ei intervjuundersøking blant norske tiandeklassingar. Det kan likevel sjå ut som at mange ungdommar vert støytt over å verte omtala med homo-uttrykk. Britiske og nord-amerikanske studiar viser at både homofile og heterofile unge menneske oppfattar det som negativt å bli kalla for "homo" (Plummer, 2001; Smith, 1998; Thurlow, 2001; AAUW, 2001). erting med homo-ord elevar i mellom kan ha fleire tydingar. Nokre gonger er erting negativt meint og negativt oppfatta, andre gonger vert erting med homo-ord nytta som erting på ein hyggeleg måte.

Me meiner at i botn for både den negative og den hyggjelege ertinga ligg det ei felles forståing om at det ertinga gjeld (her: homo), inneber noko negativt eller noko som er støytande (Kavlie et. al, 2002). Det er til dømes ikkje særleg brodd i å skulle erte nokon med at han eller ho er grei, eller hetero. Då er det betre å erte med at han eller ho er til dømes barnsleg. Det som gjer dette til erting er at det blant ungdomsskuleelevar er negativt å vere barnsleg. Dette er dei involverte heilt innforståtte med, sidan dei snakkar det same språket. Til grunn for både negativ og hyggjeleg erting der homotemaet inngår, ligg altså ei felles kulturell forståing om at homo handlar om noko negativt, det utgjer sjølve føresetnaden for at dette kan handle om erting (Kavlie et. al, 2002). Dersom homotemaet i vår kultur og vårt språk var likegyldig eller omfatta med gode assosiasjonar, ville ertinga bli tannlaus og fullstendig utan brodd, og dermed ueigna som ertetema. erting der homotemaet inngår, byggjer difor etter vårt syn på ei kulturell og allmenn låg rangering av homo-saker til skilnad frå hetero-saker. Stort sett vil det vere dei same mekanismane bak negativ namnsetjing ved homofobisk erting som for anna negativt lada erting (til dømes med utgangspunkt i hudfarge). Det spesielle med homofobisk erting er at tema som kjønn, maskulinitet og femininitet så tydeleg er til stades. Dette er område som no i vår del av verda inngår som berebjelkar i sjølvidentitet og relasjonar til andre. Det er ille for ei jente om andre tvilar på hennar femininitet, og kan hende enda verre for gutter om andre og dei sjølve dreg maskuliniteten i tvil.

Til tross for at erting føreset ei felles tyding om at temaet handlar om noko negativt, kjenner alle òg døme på at erting kan spele på solidaritet. Til dømes *kan* "nigger" nyttast i solidarisk erting med dei som har mørk farge på huda. Her ligg to føresetnader til grunn, *både* ei felles forståing av at kulturen allment meiner at det er noko därleg ved å ha mørkare hudfarge *og* ei felles forståing hos dei som inngår i ertinga om at denne kulturelle haldninga er forfeila, umoralsk og urettvis. På same måte kan ein nytte homotemaet i solidarisk erting: dei involverte personane vil då ha ei felles erkjenning om at kulturen har ei homonegativ innstilling og at me vil vekk i frå denne innstillinga. Men me trur at homoerting i norske ungdomsskular ikkje speglar ei slik solidarisk tenking. Dei konkrete aktørane, dei som ertar, har neppe slike analysar. Dei handlar i høve til det som er takt og tone, det som er vanleg og mogleg. Med andre ord: dei handlar i høve til kulturelle forordningar om homonegativitet. Det er sjølvsagt denne homonegativiteten samfunnet vårt burde vore kvitt. Men spørsmålet om kvifor vår kultur har negative tydingar knyte til homotemaet er ikkje temaet for denne rapporten, her er det dei konkrete utslaga i norsk skulekvardag me diskuterer: erting med homo-ord. Me meiner at ungdomsskulen no mykje tydeligare må hindre dei aktivitetane som føreset ei negativ rangering av homoseksualitet, her er homofobisk erting noko av det viktigaste å gå laus på.

Me kan syne til ein parallel til å erte med homo-ord: det å erte med rasistiske ord. Det er ingen i dag som seier ok til at ein nyttar ”pakkis” som skjellsord, anten ertinga er godlynt eller ikkje. Dette sit i ryggmargen på lærarar og foreldre og dermed òg elevar. Slik burde det vere med homo-ord, òg.

### **Å tillate homofobisk erting utgjer vilkår for at barn og unge lærer negative haldningar til lesbiske og homofile**

Å tillate negative kommentarar med homo-ord i skulen utgjer eit viktig vilkår for at negative haldningar til lesbiske og homofile skal få leve vidare blant barn og unge. Homofobisk erting kan vere med på å forsterke negative haldningar til homofile og lesbiske.

Ein amerikansk studie viser at fleire av dei som brukar ”homo” som skjellsord har fordommar mot homoseksualitet (Burn, 2000). Når lærarar ikkje grip inn når dei høyrer uttrykk som ”homo” bli brukt på negative måtar, signaliserer dei at homofobisk erting er ok, og byggjer opp under elevane sine fordommar. Dette kan legitimere andre og meir alvorlege former for homofobisk erting (Drake et al., 2004). Når lesbiske og homofile elevar vert vitne til at lærarane ikkje konfronterar nedsetjande kommentarar med homo-ord, vert det klart for

dei at det ikkje vil vere noko støtte å hente hjå lærarane eller skulleiinga dersom dei sjølv skulle bli utsette for homofobisk erting. Homofobisk erting som vert oversett av lærarane signaliserer dessutan til dei som ertar at dei kan fortsette med ertinga utan at det får negative følgjer. Lærarar som derimot konsekvent grip inn i ertesituasjonar viser at homofobisk erting er uakseptabelt og at det ikkje vil bli tolerert. Det er difor viktig at lærarane i ungdomsskulen eller endå tidlegare iretteset ungdom som brukar ord som ”homo” som skjellsord, eller som nedrakking av kvarandre. Ved å ta tak i dette tidleg kan lærarane spele ei viktig rolle i elevane si utvikling av haldningar og verdiar knytt til eit mangfald av identitetar.

Eit viktig og grunnleggande spørsmål er òg i kva grad me skal bidra til å gjennomregulere kvarandre sine meininger og handlingar. Å disciplinere kvarandre og barn og ungdommar har sjølv sagt sine etiske sider, og det er ikkje soleklårt kor grensene ligg. Me skal ikkje her gå inn i desse diskusjonane, men gjere klår innstillinga vår: Me meiner at det inntil vidare er fleire argument som tilseier disciplinering i retning av å ikkje tillate erting med homo-ord enn argument som tilseier at me ikkje skal gjere det.

### **Nasjonale føringer om førebygging av homofobisk erting i norske skular**

Skulen er forplikta til å førebyggje og slå ned på homofobisk erting. I følgje Opplæringslova § 9a-3 skal skulen:

*”aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyre. Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn”*

Skulane er med dette plikta til å etablere eit læringsmiljø kor elevane kan kjenne seg trygge. I følgje Kunnskapsløftet for grunnskulen og vidaregåande opplæring frå 2006 skal skulen og lærebodrifa ”*Sikre at det fysiske og psyko-sosiale arbeids- og læringsmiljøet fremmer helse, trivsel og læring*” (Utdannings- og forskningsdepartementet, 2006, s. 5). Skulen bør difor vere ein stad der homofile og lesbiske og alle andre er verna mot erting frå medelevar som føreset diskriminerande tankesett. Òg unge homofile og lesbiske har rett til eit ikkje-trakasserande skulemiljø, det vil seie ein kvardag der homofobisk erting ikkje skjer.

Mobbemanifestet vart underskrive for fyrste gong i 2002 av Regjeringa, Kommunenes

Sentralforbund, Utdanningsforbundet og Foreldreutvalget for grunnskulen. Dette hadde som formål å oppnå nulltoleranse mot mobbing innan 2004. Skular som har implementert mobbeprogram som er designa for å redusere og førebyggje mobbing, har oppnådd reduksjon i førekomensten av mobbing (Olweus, 2004, 2005). I 2005 vart mobbemanifestet signert for andre gong med mål om å fortsette arbeidet med å førebyggje mobbing. I det nye manifestet vart det i tillegg presisert at homofobi skal takast alvorleg;

*”Manifestpartane skal saman og gjennom innsats retta mot eigne målgrupper medverke aktivt til at barn og unge ikkje blir utsette for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, vald, rasisme, homofobi, diskriminering eller utesetjing”*  
(Regjeringen, 2006, s. 6)

# UTFORDRINGAR I HANDTERING AV HOMOFOBISK ERTING

## Lærarar har spesialkompetanse i å etablere gode læringsmiljø, men ikkje nok opplæring om homonegativisme

Lærarar har særskilt gode føresetnader for å førebyggje og handtere homofobisk erting, sidan dei dagleg profesjonelt må forhalde seg til alle slags samhandlingar og konfliktstoff knytt til elevane sin kvardag. Men dei fleste lærarane har ikkje spesiell opplæring i emnet homonegativisme, og dette er ei utfordring. Sjølv om lærarar er dyktige leiarar for elevar og har mykje erfaring i å fremje somme aktivitetar og prosessar og stoppe og hemme andre, kjenner ikkje alle lærarar seg kompetente i å takle homofobisk erting og kan difor oppleve dette som både profesjonelt og personleg utfordrande og vanskeleg.

I ein observasjonsstudie i klasserom med norske tiandeklassingar fann Røthing (2007a) at manglande kompetanse gjorde at nokre lærarar valde å ikkje ta opp temaet homofili og homonegativisme i det heile. Utanlandske studiar viser òg at lærarar ofte ikkje slår ned på homofobisk erting når det vert observert (Drake et al., 2004). Ein av grunnane til dette kan vere mangel på opplæring og at lærarane ikkje veit korleis dei skal handtere denne type erting (Drake et al., 2004). I ein svensk studie med 306 ungdomsskulelærarar sa 90% at dei i utdanninga har fått lite opplæring i å ta opp spørsmål kring seksuell legning (Sahlström, 2006). I Noreg er ikkje homonegativisme eit tema innan norsk lærarutdanning (Røthing, 2007a; Smestad, 2007), og Røthing (2007) meiner at det ikkje er noko som tyder på at norske lærarar har fått betre opplæring om desse temaene enn dei svenske. Eit fleirtal av dei svenske lærarane sa òg at dei ynskte informasjon om spørsmål kring seksuell orientering og homofobi (Sahlström, 2006). Nokre norske skular har truleg gode erfaringar og veletablerte prosedyrar med omsyn til førebygging og handtering av homofobisk erting. Om skulane tek tak i homofobisk erting ser likevel ut til å vere tilfeldig, og avhenge av om det fins lærarar som har tileiga seg kunnskapar om temaet og som set prosessar i gang. Skular som ikkje har slike lærarar har truleg mindre kjennskap til temaet homofobisk erting.

Når det på den enkelte ungdomsskule ikkje er eit miljø for å slå ned på homofobisk erting, og når førebygging og handtering av homofobisk erting ikkje er forankra i skuleleiinga, er det kanskje vanskeleg for ein enkelt lærar ta tak i det. I Røthing (2007) sin observasjonsstudie med norske tiandeklassingar kom det fram at lærarar ofte held seg passive når negative haldningar om homoseksualitet vert uttrykte i klasserommet. Røthing trur at

lærarane ofte ikkje konfronterer ungdommane sin uttrykte homonegativisme fordi dei manglar kompetanse i å møte dette, og at dei manglar ein ryggmargrefleks med omsyn til å slå ned på homonegativisme. Ho foreslår at grunnen til at lærarane let vere å gripe inn, er fordi dei er redde for at situasjonen skal skli ut (Røthing, 2007). Lærarane kan sjølve tykkje at ertinga er slagferdig eller dei tenker dei vil la elevane bryne seg på kvarandre. Andre lærarar ser kanskje på homonegativisme som ein naturleg del av ungdomskulturen og utviklinga til unge gutter, eller dei ser ikkje det sosialpolitisk alvorlege ved å tillate å bruke homo-ord. Lærarane kan òg av pedagogiske og andre grunnar vere motvillige til å regulere og styre elevane mykje, og synest at erting med homo-ord fell utanfor det som dei meiner er heilt naudsynt å gripe inn i.

Handtering av homofobisk erting frå læraren si side vil avhenge mykje av korleis klimaet er lærarane i mellom når det gjeld toleranse og haldninga om homo- og heteroseksualitet. Ei drøfting av slike haldninga i svenske lærarrom tyder på at det i mange av deira lærarrom enno ikkje er greie og avklara haldninga til emnet homoseksualitet (Henley, 2006). Me vil tru at dette gjeld i norske lærarrom òg.

### Allereie marginaliserte minoritatar i klasserommet

Me argumenterer for at det ligg ein undertone av negativitet knytt til homoseksualitet så å seie overalt, og at ungdommar og vaksne fører denne vidare på ulike sett. Men lærarane bør òg vere merksame på at nokre elevar er eksplisitt lærde opp til å ha negative haldninga til homoseksualitet. Ungdom frå somme marginaliserte familiar som har haldninga farga av førestillingar av homoseksualitet som syndig eller sjukleg, vil kan hende meir enn andre uttrykke negative haldninga om homoseksualitet og nytte negativt lada homofile og lesbiske uttrykk. Dei vil truleg meir enn andre motsette seg samtalar og tiltak kring homofobisk erting som er meint å gjere dei venlegsinna til homoseksualitet. Røthing (2007) fann i sin studie om homonegativisme i klasserommet at det særskilt var gutter med minoritetsbakgrunnar som ope uttrykte negative haldninga til homoseksualitet. I møte med slike haldninga må lærarane hugse på at homofile og lesbiske har like mykje rett til vern mot sjikanering som andre. Løysinga er sjølv sagt ikkje å sette minoritatar opp mot kvarandre, men heller at læraren nyttar kompetansen i klasseleiing, slik at dette ikkje vert ein diskusjon der nokre er dømde til å tape andlet.

## **Lita tid og konkurrerande prosjekt**

Lærarane i grunnskulen opplever i aukande grad at dei vert pålagte ansvarsområde utover den faglege undervisninga. Nye reformer, Kunnskapsløftet og program (til dømes mobbeprogram) som dei enkelte skulane er involvert i, tek opp mykje av lærarane si tid og kapasitet. Mange lærarar opplever at tida ikkje strekk til å gjere alt dei vert pålagt å gjere, og mange skular vil nok difor vere skeptiske til å forplikte seg til å iverksette tiltak om førebygging og handtering av homofobisk erting, av di dei fryktar at arbeidsmengda skal bli større og meir tidkrevjande enn dei kan manøvrere. Rektorar og skuleleiinga vil difor kan hende vere nølande med å påleggje lærarane endå fleire arbeidsoppgåver og forpliktingar enn den allereie fulle timeplanen. Det er her viktig å hugse på at å førebyggje og handtere homofobisk erting IKKJE kjem til å påføre mykje arbeid, eller ta opp mykje tid. Førebygging og handtering av homofobisk erting handlar først og fremst om ei bevisstgjering av temaet blant lærarane, og at lærarane samla slår ned på homo-ord når slik erting vert observert. Førebygging av homofobisk erting kan dessutan inkluderast i skulen sitt generelle mobbeprogram eller handlingsplan mot mobbing, og i andre fag kor det er naturleg at det vert teke opp.

## BAKGRUNNSEMNE

### Lesbisk og homofil ungdom flest

Lesbisk og homofil ungdom er som ungdommar flest, og det er ikkje lett å snakke om dei som ei velavgrensa gruppe. Dessutan er det mange elevar som i dag ikkje veit at dei seinare kjem til å identifisere seg som homofil eller lesbisk. For å gjere lesinga lettare, vil me likevel nytte skrivemåten lesbisk og homofil ungdom utan å heile tida understreke alle skilnadene desse ungdommane i mellom.

Vårt viktigaste bodskap i dette avsnittet er at homofile og lesbiske ungdommar er like forskjellige frå kvarandre som alle andre ungdommar, og at dei har dei same gledene og sorgene som alle andre. Det dei i tillegg har, som andre ungdommar slepp, er utfordringa med å vere i ferd med å identifisere seg inn i ein type kategori som dei veit vil få store konsekvensar for dei. Truleg tek dei fleste unge homofile og lesbiske ungdommar denne utfordringa, og mange vil vekse på dette. Men nokre av dei vil i utgangspunktet vere sårbare for påkjennningar i livet, og desse vil truleg måtte nytte meir energi og slite for å takle posisjonen som homofil eller lesbisk.

Det sosiale og kulturelle landskapet som unge lesbiske og homofile skal orientere seg i er motsetningsfullt når det gjeld forholdet til homoseksualitet, og dette stiller dei ovanfor krevjande personlege val og utfordringar. På den eine sida gjeld at stadig fleire ungdommar og vaksne kjenner til at det å leve som homofil eller lesbisk er ein mogleg veg å gå, om ikkje nødvendigvis for dei sjølvé så for nokon andre. Mange kvinner og menn i Noreg har gode liv som opne lesbiske og homofile. Ein kan seie at moglegheita for å ha det bra som homofil eller lesbisk er meir tydelig for både ungdommar og vaksne enn nokon gong. På den andre sida gjeld at mange lesbiske og homofile latar som om dei er heteroseksuelle. Vidare er skilnaden mellom hetero og homo til stades i mange språklege og sosiale samanhengar, og dei store offentlege diskusjonane om homoseksualitet dei siste åra (jf. Likestilt ekteskapslov, adopsjon, kyrkja) tyder på at temaet rører ved vanskelige vurderingar for mange. I ungdomsskulen vert temaet homonegativisme heller ikkje handert på ein grei og liketil måte (Røthing, 2004; Røthing, 2007a; Røthing, 2007b). Samla sett kan me seie at unge lesbiske og homofile er tvungne til å manøvrere i eit motsetningsfullt landskap, der kulturelt konstituerte negative haldningar om homoseksualitet ligg som ein undertone. Denne undertonen er òg føresetnaden for at homofobisk erting kan ha slagkraft, slik me peika på i innleiinga.

## **Homofile, lesbiske og heterofile lærarar**

Nokre vil tru at lærarar som sjølve er homofile og lesbiske er meir kompetente i å handtere homofobisk erting enn heterofile lærarar. Dette er ikkje nødvendigvis tilfelle. For nokre homofile og lesbiske lærarar kan homofobisk erting vere eit vanskeleg tema, då dei kanskje sjølve er redde for å bli trakasserte av elevar og såleis råka av negative haldningar. Nokre av dei homofile og lesbiske lærarane som ikkje ønskjer å vere opne om deira seksuelle orientering, vil kan hende kvi seg endå meir for å gå inn i konkrete ertesituasjonar av redsle for å bli avslørte. Men samstundes gjeld at nokre homofile og lesbiske lærarar vil eigne seg som ressurspersonar i arbeidet med å førebyggje og handtere homofobisk erting, då dei gjerne er vande med å sette ord på dei emna som homofobisk erting òg har med å gjere (avvik, stoltheit, grenser mellom det personlege og allmenne, m.m.).

Heterofile lærarar ber på si side med seg personlege erfaringar baserte på sine liv som ikkje-homofile og ikkje-lebiske. Me trur at det er liknande skilnader dei i mellom som mellom lesbiske og homofile lærarar. Nokre vil relativt automatisk vegre seg for å gå inn i ertesituasjonar fordi dei føler det ikkje vedgår dei, eller fordi dei uroar seg over å måtte argumentera på vegne av homoseksualitetssaken. Andre heterofile lærarar vil med tyngde og openheit gå inn i situasjonar med ei sjølvsagt kjensle av solidaritet med homosaka.

Me trur at alle lærarar, homofile, lesbiske og heterofile, vil kjenne att og kjenne på spenningane som ligg i dei negative undertonane om homoseksualitet. Mange av dei vil handtere desse meir eller mindre personleg erfarte spenningane profesjonelt: Dei vil kjenne skulen og staten sine policyar på området, dei vil kjenne til eigne reaksjonar basert på eigne livserfaringar, val og preferansar, og dei vil gå inn i situasjonar og reflektere og handle med utgangspunkt i dette på pedagogisk gode måtar. Lærarar har erfaring med dette, dei må tross alt manøvrere seg gjennom ei rad kontroversielle livstema saman med og ovanfor elevane. Me trur difor at homofile, lesbiske og heterofile lærarar kan gjere same profesjonelle jobb, sjølv om refleksjonane og måten ein nyttar seg sjølve på vil variere.

## **Informasjon om homoseksualitet, heteroseksualitet og biseksualitet**

Ei rad interessante tema og spørsmål møter oss og lærarar, når me skal omtale temaet hetero- og homoseksualitet. Til dømes vil mange spørje om kor mange som er homoseksuelle, kva som er årsakene til at nokon blir homoseksuelle og andre heteroseksuelle, og korleis barn med

to mødre utviklar seg. Eit heilt anna sett med spørsmål gjeld det kulturelle landskapet og haldninga om homoseksualitet, spørsmål som me kan koke ned til dette eine: Kvifor ligg det ei undertone av negativitet omkring homo-temaet?. Me skal ikkje skrive om desse temaer her, men heller syne til at det finst fleire norskspråklege gjennomganger av dei (sjå til dømes Anderssen og Svendsen, 2007).

## **TILTAK FOR FØREBYGGING OG HANDTERING AV HOMOFOBISK ERTING**

## **1. Etablere nulltoleranse mot homofobisk erting, og inkludere dette i skulen sin handlingsplan mot mobbing**

Eit av det internasjonalt mest refererte tiltaka for å gjere skulekvardagen betre for homofile og lesbiske er å opprette skulepolicy mot trakassering av homofile og lesbiske (sjå: Bridget, 2003; Burn, 2000; Drake et al., 2004; Hansen, 2007; Jennett, 2004a; Jennett, 2004b). Det mest effektive tiltaket på skulenivå er truleg å slå fast i overordna planar at skulen har innført nulltoleranse mot homofobisk erting. Det mest eigna dokumentet å gjere dette på er skulen sin handlingsplan mot mobbing. Dei aller fleste skulane har ein slik plan i dag.

Skular som ikkje har integrert homofobisk erting i sine handlingsplanar mot mobbing overlèt ansvaret for å slå ned på homofobisk erting til den einskilde lærar. For elevane sin del vil det såleis vere tilfeldig om erting med homo-ord vert slått ned på og sanksjonert i deira skulemiljø eller ikkje. Ein uttalt skulepolicy om at skulen ønskjer ein skule utan homofobisk erting sikrar konsistente reaksjonar frå lærarane samla sett. Den mest eintydige måten å gjere dette på i skulen sine planar, er ved å nytte uttrykket nulltoleranse. Dette er eintydig, det gir retning, og det er lett å formidle til elevar og foreldre.

Skulane sine handlingsplanar mot mobbing har ofte skriftlege retningslinjer for korleis skulen kan avdekke mobbing, og informasjon om tiltak som skulen skal sette i gang når mobbing vert observert eller rapportert. Ved å nytte allereie eksisterande handlingsplanar mot mobbing, kan skulane legge inn setningar om homofobisk erting utan å måtte utforme heilt nye typar vedtak eller dokument. Det vil vere ein fordel om handlingsplanen inneheld ein definisjon av homofobisk erting slik at lærarar, elevar og foreldre ikkje skal vere i tvil om kva dette er, og slik at det vert mogleg for alle å kjenne igjen homofobisk erting når det skjer. Sjå boks 3 for eit døme på ein definisjon av homofobisk erting. Definisjonen er henta og modifisert blant anna frå to britiske rapportar om homofobisk erting av Drake, Billington og Ellis (2004) og Bridget (2003).

### Definisjon av homofobisk erting

Homofobisk erting er ei særskilt form for erting. Ertингa kan innehalde bruk av kallenamn, slik som "homo", "homse", "lesbe" eller liknande uttrykk som vert brukt for å beskrive nokon som er homofile og lesbiske. Desse kallenamna og uttrykka vert ved homofobisk erting brukte for å kritisere, for å rakke ned på ein person eller for å uttrykke noko som er teit, dumt, sprøtt, därleg eller ukult. Blant ungdom vert ofte kallenamna òg brukt for å erte på ein hyggeleg måte utan at orda refererer til seksuell orientering. Medelevar som ikkje følgjer normer for korleis det er forventa at ein gut eller ei jente skal te og kle seg, eller som har interesser eller behov som skil seg frå det me tradisjonelt assosierer med maskulinitet og femininitet, er særskilt utsette for homofobisk erting. Sjølv om erting med homo-ord kan vere vennlegsinna, ligg det likevel ein underforstått forståing av negativitet knytt til homoseksualitet i denne forma for ordbruk, og ertinga vert difor som regel oppfatta negativt, særskilt av homofile, lesbiske og bofile ungdommar.

Det er viktig at handlingsplanen gjer det klart at skulen ikkje tolererer at elevane brukar ord som "homo", "lesbe", "soper", eller liknande uttrykk til å rakke ned på ein person, og at det ikkje vert tolerert at desse uttrykka vert brukt til å beskrive noko som er negativt (teit, dumt, sprøtt, u-kult o.l). I handlingsplanen mot mobbing bør skulen i alle tilfelle gjere det klart at ei kvar form for trakassering og intoleranse på grunnlag av seksuell orientering ikkje vil bli akseptert. erting med homo-ord bør behandlast på linje med rasistiske uttrykk.

Arbeidet med å inkludere nulltoleranse mot homofobisk erting krev at både skuleleiinga og lærarane tydeleg støttar ideen om at skulen ikkje skal tolerere homofobisk erting, og at alle er involverte i dette arbeidet. Dersom leiinga ikkje er aktivt involvert, er det lite truleg at nulltoleransen vert fylgt opp og får gjennomslagskraft i praksis. Det aller beste ville vore om skuleleiinga og lærarane samla etablerte ein strategi i retning av nulltoleranse mot homofobisk erting på skulen, og integrerte han i handlingsplanen mot mobbing. Då ville den einskilde lærar ha full moralsk støtte frå leiinga og kollegaer i å handtere ertinga.

Skulane bør ha ei klar skisse over korleis dei har tenkt å innføre nulltoleranse mot homofobisk erting før dei involverer andre instansar, slik som til dømes samarbeidsutvalet med foreldrearbeidsutvalet, for å formelt inkludere og godkjenne nulltoleransen mot homofobisk erting i skulen sin handlingsplan mot mobbing. Skissa bør utarbeidast både av representantar frå leiinga, slik som til dømes rektor, og andre representantar frå leiargruppa eller plangruppa.

Elevane er sjølvsagt òg viktige aktørar, og dersom skulen har tradisjon for å involvere elevråd eller andre elevar i endringsprosessar ved skulen, bør dette skje her òg. Ein fordel med

å involvere elevrådet i arbeidet med å førebyggje homofobisk erting, er at det kan fremje gehør blant elevane i å rette seg etter reglar dei sjølv har vore med på å bestemme.

Foreldra er like så viktige for elevane sine haldningars som skulen. I den generelle delen av læreplanen heiter det: *"I ei tid da storfamilien spelar mindre rolle i dei unge sitt liv, og media har rykt inn der foreldra har trekt ut i arbeidslivet, krevst ei meir medviten mobilisering av foreldra for å styrkje det normative omlandet til skolen og elevane. Dersom skolen skal fungere godt, krevst det ikkje berre at elevane kjenner kvarandre, men at også foreldra kjenner både kvarandre og kvarandres barn. Dette er nødvendig om dei skal kunne sette felles standardar for aktiviteten og åtferda til barna og dei unge. Skolen må hjelpe barna i utviklinga i forståing og samarbeid med heimane - og trekke foreldra med i utviklinga av miljøet rundt opplæringa og i lokalsamfunnet"* (Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartement, 2005, s. 34). Ein måte å trekke inn foreldra på når det gjeld å samla slå ned på homofobisk erting, kunne vere å ta opp temaet homofobisk erting på foreldremøte. Både elevar, foreldre og skulepersonell bør bli informerte om at skulen skal jobbe for å førebyggje og handtere homofobisk erting. Dersom skulane brukar mobbeprogram slik som Olweus programmet eller Zero, kan dei gjerne informere heimane om skulen sin nulltoleranse mot homofobisk erting samstundes som dei gjev foreldra informasjon om desse programma.

Boks 4. *Tiltak knytt til det å inkludere nulltoleranse for homofobisk erting i skulen sin policy.*

#### **Tiltak knytt til det å inkludere nulltoleranse for homofobisk erting i skulen sin policy**

- Sette temaet "erting med homo-ord" på dagsordenen blant lærarane
- Invitere elevrådet til å kome med forslag til setningar eller reglar knytt til nulltoleranse for homofobisk erting
- Orientere og motivere foreldra gjennom foreldremøta
- Invitere ein ressursperson frå ein lokal organisasjon eller andre til å orientere lærarkolleget om homofobi
- La ein lærar bruke 1-2 timer på å leite fram dei gjeldande dokumenta der skulen skriftleg har nedteikna sine policyar eller handlingsplanar, eventuelt meir overordna forskrifter eller lover
- Vurdere om konkurrerande prosjekt kan slåast saman slik at ein nyttar tid til både emnet homofobisk erting og andre tema samstundes

Det kan vere tidkrevjande å justere viktige plandokument for ein skule, både fordi sjølve temaet kan vekke motstand ved at kollegaer og foreldre kan tykkje at dette blir eit altfor smalt tema, og fordi det kan ta lang tid å diskutere fram gode formuleringar om homofobisk erting. Mange skular vil òg ha konkurrerande prosjekt, og dei vil måtte prioritere mellom

fleire høgverdige prosjekt. I boks 4 er det vist til nokre ulike fasar eller tiltak i arbeidet med å justere skulen sine handlingsplanar, slik at dei kan inkludere nulltoleranse for homofobisk erting. Lista passar kan hende ikkje på alle skular, men er meir meint som ei eksempel-liste.

Det er viktig at leiinga er engasjert i saka og kjenner seg forplikta til å konfrontere homofobisk erting når det vert teke opp på skuleleiingplan. Skuleleiinga må vidare følgje opp enkeltilfelle av homofobisk erting for å sørge for at ho ikkje startar opp att.

## **2. Byggje og nytte kompetanse blant lærarane i handtering av homofobisk erting**

Norske ungdomsskulelærarar har eit godt generelt grunnlag for å møte homonegativisme gjennom erfaringa og utdanninga til å handtere spørsmål om marginaliserte grupper, konfliktstoff og liknande. Men dei har kanskje mindre konkret kunnskap om homoseksualitet, homofobisk erting og eventuelle særskilde prosessar knytt til akkurat desse emna på grunn av lite eller ingen dekning i deira grunn- og vidareutdanning (jmf. Avsnitt om ”Lærarar har spesialkompetanse i å etablere gode læringsmiljø, men ikkje nok opplæring om homonegativisme”). Vidare er det vanlegast at skular ikkje har ein kultur for å arbeide målretta og profesjonelt med temaet, og truleg vert den samla kompetansen lærarane har ikkje nytta effektivt. Me trur det difor skal nokså lite til for å utløyse dei ressursane som lærarane sit inne med.

Britiske undersøkingar som tek for seg homonegativisme og homofobisk erting på ungdomsskular argumenterer med at lærarane treng meir kompetanse i å forstå homofobisk erting, og at dei treng å byggje seg strategiar for korleis dei kan handtere dette (Drake et al., 2004; Jennett, 2004a; Jennett, 2004b). Skulane kan gjerne ha kompetansemål om homofobisk erting for lærarane (sjå boks 5)

Boks 5: *Kompetansemål om homofobisk erting for lærarane*

### **Kompetansemål om homofobisk erting for lærarane**

- Kjenne att homofobisk erting og språkbruk
- Kjenne til kva effekt homofobisk erting kan ha på elevane
- Ha kompetanse i å slå ned på homofobisk erting
- Kjenne seg trygg på at ein følgjer skulen sin policy
- Vere i stand til å kunne gje elevane ei forklaring på at skulen ikkje tolererer slik språkbruk

Det viktigaste ein lærar kan gjere er å kjenne att homofobisk erting og språkbruk, og kjenne til kva effekt homofobisk erting kan ha på elevane. Vidare bør ein lærar kunne slå ned på homofobisk erting og kjenne seg trygg på at ho eller han då følgjer skulen sin vedtatte policy. Vidare er det alltid ein fordel om læraren kan gje elevane ei forklaring på at skulen ikkje tolererer slik type språkbruk. (sjå avsnitt om ”Negative konsekvensar for homofile og lesbiske ungdommar”).

Det finst fleire måtar å auke kompetansen om homofobisk erting blant lærarane. Desse er oppsummerte i boks 6. Ein måte å gje lærarane spesialinformasjon kring homofobisk erting

på, er å sørge for at dei har tilgang til informasjonsmateriale om homoseksualitet og informasjon om korleis homofobisk erting kan førebyggast. Desse ressursane kan brukast av lærarane i førebyggingsarbeidet når dei skal ta opp temaet homofobisk erting, og i konkrete situasjonar kor homofobisk erting førekjem, som råd for korleis lærarane kan handtere situasjonen.

Boks 6. *Forslag til tiltak for å byggje kompetanse blant lærarane om handtering av homofobisk erting*

#### **Tiltak for å byggje kompetanse om homofobisk erting blant lærarane**

- Sørgje for at lærarane har tilgang til informasjonsmateriale om homoseksualitet, førebygging og handtering av homofobisk erting
- Invitere nokon med kompetanse innan homofobisk erting til å undervise lærarar og anna skulepersonell om dette
- Inkludere emnet homofobisk erting i ein planleggingsdag eller fagdag
- Utnemne ein eller to lærarar som kan vere kontaktpersonar for elevsaker som har med homofobisk erting å gjøre, og som kan få ansvar for skulen sitt informasjonsmateriell om emnet
- For skuleleiinga: aktivt spørje lærarane om erfaringane med å handtere homofobisk erting

Ein måte å starte prosessen med å auke kompetansen om homofobisk erting kan vere å invitere nokon med kompetanse innan homofobisk erting til å undervise lærarar og anna skulepersonell om dette. Skulane kan òg bruke delar av ein planleggingsdag eller fagdag til å sette homofobisk erting på agendaen. Her kan skulane stadfeste at dei går inn for ein nulltoleranse mot homofobisk erting, undervise heile personalgruppa om homofobisk erting og utarbeide strategiar for korleis skulen skal sette i verk nulltoleransen mot homofobisk erting i praksis. Skular som har god erfaring med å ta opp slike tema i møte for kvart av trinna, kan gjerne trinnvis planleggje korleis dei skal førebyggje og handtere homofobisk erting. Det som er viktig er at ALLE lærarane på tvers av trinna vert samde om at dei samla skal slå ned på homofobisk erting og utøve ein nulltoleranse mot erting med homo-ord på skulen.

Å førebyggje og handtere homofobisk erting er ikkje ei eingongs hending, men ein kontinuerleg prosess. Det er difor avgjerande at skuleleiinga og lærarane kjenner seg forplikta til å utfordre homofobisk erting kvar gong det skjer. For å sikre merksemrd kring denne saka og vidare motivasjon og kompetansebygging, kan 1-2 lærarar fungere som kontaktpersonar og

få høve til å ha homofobisk erting som spesialoppgåve. Det er viktig at kontaktpersonane er godt skulerte i desse temaa, og at dei andre tilsette vert informert om at dei kan henvise elevar, lærarar og foreldre til kontaktpersonane i konkrete saker som har med homofobisk erting å gjere.

### **3. Auke bevisstheita om homofobisk erting blant elevane**

Somme elevar veit ikkje forskjellen på ”homo” og ”hetero” sjølv om dei brukar ordet ”homo” på ein nedsetjande måte. Vidare veit mange elevar ikkje at kallenamna dei nyttar byggjer på negative meininger om homoseksualitet, til dømes ”sopar”. Utanlandske elevundersøkingar viser at fleire ungdommar ikkje er klar over at ein homofobisk ordbruk kan ha negativ innverknad på somme elevar (Drake et al., 2004).

I den generelle delen av læreplanen heiter det at opplæringa må førebu elevane til å ta ansvar for å ”vurdere verknadene for andre av eigne handlingar og å dømme om dei med etisk medvit” (Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartement, 2005, s. 5). Eit viktig skritt er å lære elevane at alle medelevar (homofile og lesbiske, dei som seinare blir homofile og lesbiske, dei med homofile og lesbiske slektningar og alle heterofile) kan bli såra over den homonegative språkbruken. Difor kan det vere ein god ide å konkret undervise i desse temaa såpass grundig og skikkeleg at elevane hugsar at dei ikkje skal erte med homo-ord (Burn, 2000). Nokre skular gjer dette allereie.

Det kan vere ein fordel å diskutere homofobisk erting i eit rettferds- og medmenneskeleg perspektiv, der verdiar som respekt og toleranse vert tekne opp (Jennett, 2004b). I den generelle delen av læreplanen heiter det: ”*Oppfostringa skal byggje på det syn at menneske er likeverdige og menneskeverdet ukrenkjeleg. Ho skal grunnfeste trua på at alle er unike: kvar og ein kan komme vidare i eigen vokster, og individuell eigenart gjer samfunnet rikt og mangfaldig. Oppfostringa skal fremje likestilling mellom kjønn og solidaritet på tvers av grupper og grenser. Ho skal vise kunnskap som ei skapande og omformande kraft, både til personleg utvikling og humane samkvemsformer*” (Kyrkje-utdannings- og forskingsdepartement, 2005, s. 7-8).

Det moglege dilemmaet med marginaliserte minoritetar og haldningar til homoseksualitet som me var inne på tidlegare (Sjå avsnitt: ”Allereie marginaliserte minoritetar i klasserommet”), gjer seg kanskje særleg gjeldande her. Det er sjølvsagt ein vanskeleg balansegang som krev konsentrasjon og profesjonalitet hjå læraren å vere både kultursensitiv, samstundes som ein skal førebyggje homofobisk erting.

Ein måte å auke bevisstheita om homofobisk erting på, og vidare innføre nulltoleranse mot homofobisk erting kan vere å bruke ein strukturert aktivitet (sjå boks 7) henta frå ”Project 10”, frå ein ungdomskule i Los Angeles i California som har jobba systematisk med desse emna i over ti år (Project 10, 2007). Prosedyren er temmeleg bydande i form, og andre prosedyrar er sjølvsagt moglege.

Boks 7. *Døme på korleis lærarane kan ta opp temaet homofobisk erting i klassen (henta frå Project 10, 2007).*

### **Mogleg prosedyre i klasserommet for å auke bevisstheita om homofobisk erting blandt elevane**

1. Late elevane idemyldre alle typar kallenamn dei har hørt bli brukte
2. Skriv opp alle kallenamna på tavla
3. Diskuter dei følgjande kategoriane: "kjønn", "seksuell orientering" "rase" og "religion", og kategoriser kallenamna etter desse kategoriane
4. Sørg for at elevane veit at alle kallenamna inneheld fordommar og er vondskapsfulle
5. Slå fast at ingen av kallenamna vil bli aksepterte i klasserommet
6. Gjer det klart at ein ikkje vil tolerere nokre formar for nedsetjande kallenamn
7. Forklar kvifor ein ikkje vil tolerere dette og forklar konsekvensane det vil få å bryte denne regelen

Ein annan aktivitet er å diskutere konsekvensar av homofobisk erting i klassen. Dette er beskrive i boks 8. Opplegget er inspirert av ei elevøving henta frå ein britisk rapport om homofobi (Schools Out, 2007). Det er her viktig at lærarane har gjort ei god førebuing om passande tema å ta opp i denne aktiviteten, og at lærarane er klare for å møte og handtere eventuelle fordommar blandt elevane. Lærarane bør vidare utfordre fordommar som vert uttrykte blandt elevane (Jennett, 2004b).

Boks 8. *Døme på korleis lærarane kan diskutere konsekvensar av homofobisk erting (henta frå Schools Out (2007).*

### **Mogleg prosedyre for å diskutere konsekvensar av homofobisk erting**

1. Late elevane idemyldre kallenamn dei har hørt på skulen som er knytta til homoseksualitet (Her kan lærarane ta utgangspunkt i seksuell orientering-kategorien frå aktiviteten frå boks 7)
2. Spør elevane kvifor dei trur desse kallenamna vert brukt for å rakke ned på ein annan person. Diskuter kva orda eigentleg betyr og kvifor dei enkelte orda er krenkande. Her bør lærarane ta opp temaet fordommar mot homofile og lesbiske
3. Spør elevane korleis dei trur ulike grupper ville reagert om dei vart utsette for homofobisk erting:
  - homofile gutter og lesbiske jenter
  - heterofile gutter og jenter
  - gutter og jenter som lurer på om dei er homofile eller lesbiske
  - gutter og jenter som har nokon i familien som er homofile eller lesbiske
4. Spør elevane korleis dei trur dei ulike gruppene ville reagert dersom dei hadde hørt at desse kallenamna vart brukt for å rakke ned på ein annan person eller for å uttrykke noko som er teit, dumt, sprøtt, därleg eller ukult. (Her bør lærarane leggje vekt på å formidle at homofobisk språkbruk kan opplevast som krenkande sjølv om elevane berre passivt overhøyrer den)
5. Diskuter kva elevane sjølv kan gjere for å stoppe homofobisk erting.

Skular som brukar antimobbeprogram (Olweus- programmet og Zero) kan gjerne ta opp homofobisk erting i deira generelle mobbearbeid. Klassar som har eigne klassereglar mot mobbing kan inkludere homofobisk erting ved å presisere at elevane ikkje skal bruke homofile eller lesbiske ord eller uttrykk på å beskrive nokon eller noko dei tykkjer er dumt, sprøtt, därleg eller negativt. I Olweus (1994) sitt tiltaksprogram mot mobbing blir det foreslått at lærarane tenker grundig gjennom aktuelle klassereglar før dei engasjerer elevane i å diskutere eit slikt regelverk. Me tilrår det same: Lærarane bør vere vel reflekerte og sikre på i kva retning dei ferdige reglane bør gå og kva for eit presiseringsnivå dei bør ha. Elevane kan likevel med fordel vere aktivt involverte i utforminga av klassereglane, då ein slik framgangsmåte aukar sjansane for at elevane tek ansvar for at dei sjølve og medelevar følgjer reglane. Klassens time eller klasseråd kan òg brukast til å samtale om homofobisk erting.

Generelle diskusjonar om tema som har å gjere med homoseksualitet kan òg vere formålstenelege, men må vere nøye tilrettelagt då samtalar kring homofili blant ungdom lett kan bli polariserte og lite konstruktive, noko Røthing (2007a) fann i observasjonsstudien i norske klasserom. I læreplanane for kunnskapsløftet for elevar på åttande, niande og tiande trinn vert tema som ulike seksuelle orienteringar teke opp, og det vil truleg vere aktuelt for lærarane å knytte samtalar om homofobisk erting opp mot dette. I boks 9 er det beskrive kva læreplanen seier om homoseksualitet og tema knytta til homoseksualitet, og det er lista opp forslag til diskusjonar som kan takast opp i desse faga (Utdannings- og forskningsdepartementet, 2006).

Boks 9. *Kva fagplanen seier om homoseksualitet, ulike tema knytta til dette, og føreslår diskusjonar knytta til dei ulike faga* (Utdannings- og forskningsdepartementet, 2006).

FAG	LÆREPLANEN SEIER	FØRESLÅTTE DISKUSJONAR KNYTT TIL EMNET HOMOFOBISK ERTING	DØME PÅ SPØRSMÅL TIL ELEVANE
Kristendom-, religion- og livssyns-kunnskap	"Reflektere over etiske spørsmål knyttet til mellommenneskelige relasjoner, familie og venner, samliv, heterofili og homofili, ungdomskultur og kroppskultur"	Begrensningane som homofobisk språkbruk set for menneskelege relasjoner.	Dersom mange ertar med homo-ord i skulegarden: Korleis kan det virke inn på korleis gutter og jenter seg i mellom leikar?
Naturfag	"Drøfte problemstillinger knyttet til seksualitet, ulik seksuell orientering, prevensjon, abort og seksuelt overførbare infeksjoner"	Homofobisk erting relatert til stigmatisering på grunn av seksuelle båsar som kanskje ikkje alltid er like tydelege.	Kor sikre kan me vere på at me er heteroseksuelle eller homoseksuelle?
Norsk	"Drøfte hvordan språkbruk kan virke diskriminerende og trakasserende"	Negative konsekvensar i psykisk helse av mobbing og homofobisk erting.  Sårande språkbruk knytt til seksuell orientering.	Kva er verst for dei elevane som kjenner seg ofte utanfor: Å bli erta med homo-ord, eller å bli erta for utsjånaden?  Når snakkar me om lesbiske og homofile på gode måtar og når snakkar me om lesbiske og homofile på dårlege måtar?
Samfunnssfag	"Gjere individet medvite om korleis det sosiale felleskapet påverkar haldningar, kunnskapar og haldningar, og korleis den einskilde kan påverke fellesskapet og sin eigen livssituasjon"	Homofobisk erting som ein måte å synne fellesskap på ved at ein inngår i ei stor gruppe som dytta ei anna utanfor.	Kvífor ertar me mindre med homo-ord når me er áleine saman med ein annan samanlikna med når de er mange saman?
	"Samfunnssfag skal difor gje djupare forståing av forholdet mellom sammfunnslivet og det personelge livet, og stimulere til erkjenning av mangfoldet i samfunnsformer og levevis"	Homofile og lesbiske og andre har ein lovbestemt rett til vern mot diskriminering.	Kva er viktigast: Å verne nokre grupper mot diskriminering eller det at ein kan få seie kva ein vil /ytringsfridom?  Kvífor vert ord om homoseksualitet brukte som erte-uttrykk?
	"Drøfte menneskeverd, rasisme og diskriminering i eit historisk og notidig perspektiv med elevar frå andre skular ved å bruke digitale kommunikasjonsverktøy"	Homofobisk erting i ulike kulturar både i og utanfor Noreg.	Kvífor er media meir opptekne av homotrakassering i dag enn for 10 år sidan?
	"Drøfte forholdet mellom kjærleik og seksualitet i lys av kulturelle normer"	Samfunn med homonegativisme samanlikna med samfunn med høg toleranse.	Kvífor er nokre kulturar liberale i høve til samekjønnskjærleik og andre ikkje?

Mange skular har god erfaring med besök av ungdommar frå Landsforeining for Lesbiske og Homofil frigøring (LLH) eller Skeiv Ungdom som kjem til klassane for å samtale om ulike seksuelle orienteringar. Skulane kan gjerne knyte temaet homofobisk erting inn i

desse besøka. Elevane kan på førekant av besøket snakke om temaet homofobisk erting, og gjerne førebu spørsmål om homofobisk erting til representantane frå LLH eller Skeiv Ungdom. I dei største byane tilbyr lokallaga til LLH og/eller Skeiv Ungdom eit opplegg kor ungdommar besøker ungdomsskular for å samtale om homoseksualitet. Tilgjengelegheta av dette tilbodet varierer frå lokallag til lokallag og deira nåverande kapasitet. For informasjon over kven skulane kan kontakte for å få besøk av LLH eller Skeiv Ungdom, sjå nettsida [http://www.llh.no/LLH\\_der\\_du\\_bor/](http://www.llh.no/LLH_der_du_bor/) eller [http://skeivungdom.no.ezdeal.no/nor/kontakt\\_oss](http://skeivungdom.no.ezdeal.no/nor/kontakt_oss)

#### **4. Ta avstand frå og slå ned på homofobisk erting**

Som med all anna erting og mobbing er det nødvendig at det kjem ein reaksjon frå ein vaksen når nokon ertar med homo-ord. I den generelle delen av læreplanen heiter det: ”*Sidan lærarane er mellom dei vaksne personane som barn og ungdom får mest med å gjere, må dei våge å stå fram tydeleg, levande og medvite i høve til den kunnskap og dei verdiar som skal formidlast*” (Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartement, 2005, s. 22). Det er vidare lærarane sitt *ansvar* å sorgje for at homofobisk erting ikkje vert tolerert i skulen. Lærarane må difor gripe inn og avbryte når elevar brukar ord som ”homo” på ein nedsetjande måte, eller når elevane ytrar seg med homonegative kommentarar. Lærarane bør gjere dette på same måte som dei ville konfrontert elevar som kjem med rasistiske kommentarar eller andre ikkje-akseptable utsegner.

I møte med homofobisk erting vil me rå til å følgje Olweus (1994) si rettleiing om å raskt og bestemt gripe inn i situasjonane der hendinga skjer, eller der det er mistanke om homofobisk erting. Det beste er om læraren sørger for at elevane som er tilstade vert vitne til at læraren slår ned på ertinga. Slik vert elevane gjort oppmerksame på at erting med homo-ord ikkje vil bli tolerert på skulen deira. Men nokre gonger vil det vere naudsynt å trekke elevane som ytrar seg til side for å snakke med han eller henne under fire auge. Elevane bør vidare få beskjed om kva type åtferd og språkbruk skulen reagerer på, kvifor slik språkbruk ikkje er akseptabel, og elevane må bli fortalte at gjenteke homofobisk erting vil føre til sanksjonar. Dersom situasjonen tillet det, kan elevar som brukar homo-ord på ein negativ måte gjerne bli utfordra og spurt kva han eller ho meiner med å bruke dei orda. I boks 10 har me satt opp døme for korleis lærarar kan handtere homofobisk erting. Døma er henta frå ”Project 10; diversity matters” (Project 10, 2007), ”Tackling homophobia, creating safer spaces” (Schools Out, 2007) og ”A Teacher's guide to intervening in anti-gay harassment” (The Safe Schools Coalition, 2005).

### Kva gjer du som lærar når du ser homofobisk erting?

#### 1. Stopp trakasseringa

- Avbryt kommentaren eller stopp den fysiske trakasseringa
  - "Kutt det ut!"
  - "Stopp det med ein gong!"
  - "Det der var IKKJE ok!"
  - "La han vere i fred!"
  - "Det er uakseptabelt"
- Sørg for at alle elevane i området hører kommentarane (frå læraren)
- Ikkje trekk eleven som ytrar seg til side for å snakke med han eller henne privat dersom det ikkje er heilt nødvendig

#### 2. Identifiser trakasseringa

- Set namn på trakasseringa
  - "Den type språkbruk er uakseptabel på denne skulen. Du veit at me ikkje tolererer homofobisk erting meir enn rasisme eller kjønnsdiskriminering"
  - "Det du nett sa er homofobisk"
  - "Du trakasserte nett ved å nytte ord om seksuell orientering"
  - "Du meinte kanskje ikkje å såre nokon, men det der var ei nedsetjande ytring... På ein respektlaus måte sa du at ho var homo"
  - "Det der er mobbing. Det er i mot skulen sine reglar"
  - "Veit du kva det ordet betyr? Det er eit nedsetjande ord for ein som er homofil eller lesbisk. Det er nett som å trakassere nokon med deira hudfarge eller religion"

#### 3. Utvid responsen

- Gjer responsen meir generell
  - "Me på denne skulen trakasserer ikkje"
  - "Me i vårt samfunn anerkjenner ikkje slik trakasserande åtferd"
  - "Me har gjort det klart i handlingsplanen mot mobbing at me skal respektere kvarandre sine rettar. Så å bruke eit språk som seier at det er noko gale med å vere homofil, er uakseptabelt"
  - "Denne språkbruken kan òg vere sårande for andre som hører den"
  - "Dei kommentarane bryt skulen sine reglar mot trakassering. Du veit at me ikkje tolererer det"
  - "Det der var vondskapsfullt og kan klassifiserast som seksuell trakassering"

#### 4. Vend blikket framover

- Be om forbetring i komande åtferd
  - "Ver snill, og ta deg ein pause og tenk deg om før du handlar"
  - "Det beste er om du kan bruke saklege argument når du blir irritert"
- Høyr med den som vart erta på dette tidspunktet
  - "Hugs å gje meg beskjed om dette fortset. Me kan gjere noko for å løyse dette problemet. Me vil at alle skal kjenne seg vel på skulen her"

Når ein elev fortel om sjølvopplevd eller observert homofobisk erting, må læraren ta dette alvorleg, undersøkje nærmere og følgje opp. I tråd med opplæringslova må lærarar varsle skuleleiinga dersom mobbing vert observert, og dette bør også gjelde alvorleg og gjentakande homofobisk erting. Sjølv om elevane skulle meine at ertinga berre var ein leik, bør lærarane vurdere om dei involverte elevane bør følgjast opp. Skuleleiinga bør som sagt ha klare retningslinjer for kva som skal gjerast når homofobisk erting vert rapportert.

Skular som nyttar ein opptrapplingsplan med omsyn til korleis dei skal handtere og sanksjonere mot mobbing kan gjerne bruke dette verktøyet i møte med homofobisk erting. Dersom det ikkje nyttar å stoppe ertinga med homo-ord i situasjonane der det oppstår, eller dersom ertinga gjentek seg, vil me anbefale at lærarane brukar same type opptrapping som dei ville brukt med anna type mobbing. Me meiner at erting med homo-ord bør behandlast på lik linje med erting med rasistiske uttrykk.

## Referansar

- Anderssen, N. (2002). Does contact with lesbians and gays lead to friendlier attitudes? A two year longitudinal study. *Journal of Community & Applied Social Psychology, 12*(2), 124-136.
- Anderssen, N., & Svendsen, P. K. (2007). Skeiv ungdom. I L. E. Aarø. & K. I. Klepp (Eds.), *Helsefremmende arbeid blant ungdommer* (3 ed.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bridget, J. (2003). *Preventing homophobic bullying in calderdale schools*. West Yorkshire: The safe schools coalition.
- Burn, S. M. (2000). Heterosexuals' use of "fag" and "queer" to deride one another: A contributor to heterosexism and stigma. *Journal of Homosexuality, 40*(2), 1-11.
- D'Augelli, A. R., Grossman, A. H., & Starks, M. T. (2006). Childhood gender atypicality, victimization, and PTSD among lesbian, gay, and bisexual youth. *Journal of Interpersonal Violence, 21*(11), 1462-1482.
- D'Augelli, A. R., Pilkington, N. W., & Hershberger, S. L. (2002). Incidence and mental health impact of sexual orientation victimization of lesbian, gay, and bisexual youths in high school. *School Psychology Quarterly, 17*(2), 148-167.
- Doig, E. (2001). *Respect for difference; suicide prevention for young same sex attracted people*. Adelaide: The Second Story Youth Health Service.
- Drake, K. A., Billington, A., & Ellis, C. (2004). *Homophobic bullying in schools. Baseline research- Northhamptonshire*. Norhampton: 3Consultancy. Henta frå: [www.schools-out.org.uk/research/docs/homophobic%20bullying%20in%20schools%20baseline%20research.pdf](http://www.schools-out.org.uk/research/docs/homophobic%20bullying%20in%20schools%20baseline%20research.pdf)
- Ellis, V., & High, S. (2004). Something more to tell you: gay, lesbian or bisexual young people's experiences of secondary schooling. *British Educational Research Journal, 30*(2), 213-225.
- Garofalo, R., Wolf, R. C., Kessel, S., Palfrey, J., & DuRant, R. H. (1998). The association between health risk behaviors and sexual orientation among a school-based sample of adolescents. *Pediatrics, 101*(5), 895-902.
- Garofalo, R., Wolf, R. C., Wissow, L. S., Woods, E. R., & Goodman, E. (1999). Sexual orientation and risk of suicide attempts among a representative sample of youth. *Archives of Pediatrics & Adolescent Medicine, 153*(5), 487-493.
- Giertsen, M., & Anderssen, N. (2007). Time period and lesbian identity events: a comparison of Norwegian lesbians across 1986 and 2005. *Journal of Sex Research, 44*(4), 328-339.
- Green, L. W., & Kreuter, M. W. (1999). *Health promotion planning; an educational and ecological approach* (3rd ed.). Boston: Mc Graw Hill.
- Hansen, A. L. (2007). School-based support for glbt students: A review of three levels of research. *Psychology in the Schools, 44*(8), 839-848.
- Hegna, K., Kristiansen, H. W., & Moseng, B. U. (1999). *Levekår og livskvalitet blant lesbiske kvinner og homofile menn*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Hellesund, T. (2006). Lengten etter normalitet- om unge homofile og sjølvordforsøk. I A. Ohnstad. & K. Malterud (Eds.), *Lesbiske og homofile i møte med helse- og sosialtenesta*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Henley, R. (2006). *Liv i lärarrummet: om sexuell lägning och arbetsmiljö i skolan*. Stockholm: Riksförbundet för sexuellt likaberättigande.
- Herek, G. M. (2004). Beyond "homophobia": Thinking about sexual prejudice and stigma in the twenty-first century. *Sexuality Research & Social Policy, 1*(2), 6-24.

- Jennett, M. (2004a). *Stand up for us; challenging homophobia in schools*. Yorkshire: Department for Education and Skills & Department of health. Henta frå: [www.wiredforhealth.gov.uk/PDF/stand\\_up\\_for\\_us\\_04.pdf](http://www.wiredforhealth.gov.uk/PDF/stand_up_for_us_04.pdf)
- Jennett, M. (2004b). *Stand up for us: challenging homophobia in schools. Online resources* Yorkshire: Health Development Agency. Henta frå: <http://www.wiredforhealth.gov.uk/cat.php?catid=1101&docid=7707>
- Kavlie, S., & Lilletvedt, A. (2002). *Homoseksualitetsdiskurser blant unge tenåringer*. Bergen: Det psykologiske fakultet. Hovedoppgave ved Universitetet i Bergen.
- King, M., McKeown, E., Warner, J., Ramsay, A., Johnson, K., Cort, C., et al. (2003). Mental health and quality of life of gay men and lesbians in England and Wales - Controlled, cross-sectional study. *British Journal of Psychiatry*, 183, 552-558.
- Kosciw, J. G., & Diaz, E. M. (2006). *The 2005 national school climate survey; the experiences of lesbian, gay, bisexual and transgender youth in our nation's schools*. New York: GLSEN. Henta frå: [http://www.glsen.org/binary-data/GLSEN\\_ATTACHMENTS/file/585-1.pdf](http://www.glsen.org/binary-data/GLSEN_ATTACHMENTS/file/585-1.pdf)
- Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartement. (2005). *Læreplan for grunnskole, vidaregående opplæring og vaksenoplæring*. Oslo: Det kongelege kyrkje- utdannings- og forskingsdepartement. Henta frå: [www.udir.no/upload/larerplaner/generell\\_del/nyorsk.pdf](http://www.udir.no/upload/larerplaner/generell_del/nyorsk.pdf)
- Mays, V. M., & Cochran, S. D. (2001). Mental health correlates of perceived discrimination among lesbian, gay, and bisexual adults in the United States. *American Journal of Public Health*, 91(11), 1869-1876.
- McNamee, H. (2006). *Out on your own: an examination on the mental health of young same-sex attracted men*. Belfast: The Rainbow project. Henta frå: <http://www.mhfi.org/ooyo.pdf>
- Menckel, E., & Witkowska, E. (2002). *Allvar eller på skämt?* Stockholm: Arbetslivsinstitutet.
- Moseng, B. U. (2007). *Vold mot lesbiske og homofile tenåringer; en representativ undersøkelse av omfang, risiko og beskyttelse- Ung i Oslo 2006* (No. 19/07). Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA)
- National Union of teachers. (2004). *Tackling homophobic bullying; an issue for every teacher*. United Kingdom: National union of teachers.
- Olweus, D. (1994). *Mobbing i skolen; hva vi vet og hva vi kan gjøre* (2 ed.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Olweus, D. (2004). *Nye positive resultater med Olweus-programmet mot mobbing*. Bergen: HEMIL-centre, University of Bergen.
- Olweus, D. (2005). A useful evaluation design, and effects of the Olweus Bullying Prevention Program. *Psychology Crime & Law*, 11(4), 389-402.
- Otis, M. D., & Skinner, W. F. (1996). The prevalence of victimization and its effect on mental well-being among lesbian and gay people. *Journal of Homosexuality*, 30(3), 93-121.
- Pascoe, C. J. (2003). Multiple masculinities? Teenage boys talk about Jocks and gender. *American Behavioral Scientist*, 46(10), 1423-1438.
- Peters, A. J. (2003). Isolation or inclusion: Creating safe spaces for lesbian and gay youth. *Families in Society-the Journal of Contemporary Human Services*, 84(3), 331-337.
- Plummer, D. C. (2001). The quest for modern manhood: masculine stereotypes, peer culture and the social significance of homophobia. *Journal of Adolescence*, 24(1), 15-23.
- Poteat, V. P., & Espelage, D. L. (2007). Predicting psychosocial consequences of homophobic victimization in middle school students. *Journal of Early Adolescence*, 27(2), 175-191.
- Project 10. (2007, Juni 2007). Name-calling in the classroom. Henta frå <http://project10.org/index.html>

- Regjeringen (Ed.). (2006). *Manifest mot mobbing; tiltaksplan 2006- 2008*. Oslo: Regjeringen.
- Robin, L., Brener, N. D., Donahue, S. F., Hack, T., Hale, K., & Goodenow, C. (2002). Associations between health risk behaviors and opposite-, same-, and both-sex sexual partners in representative samples of Vermont and Massachusetts high school students. *Archives of Pediatrics & Adolescent Medicine*, 156(4), 349-355.
- Roth, N., Boström, G., & Nykvist, K. (2005). *Hälsa på lika vilkor? -hälsa och livsvillkor bland hbt-personar*. Stockholm: Statens Folkhälsoinstitut. Henta från: [http://www.fhi.se/upload/ar2005/uppdrag/uppdraghbt\\_bilaga2\\_0512.pdf](http://www.fhi.se/upload/ar2005/uppdrag/uppdraghbt_bilaga2_0512.pdf)
- Røthing, Å. (2004). Kjønn og seksualitet i grunskolens læreplaner. Historisk tilbakeblikk og aktuelle utfordringer. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 5.
- Røthing, Å. (2007). Gode intensjoner, problematiske konsekvenser. Undervisning om homofili på ungdomsskulen. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 91, 585-297.
- Røthing, Å. (2007). Homonegativisme og homofobi i klasserommet; marginaliserte maskuliniteter, disciplinerende jenter og rådville lærere. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 7(1), 27-51.
- Sahlström, J. (2006). *En utmaning för heteronormen- lärares kunskapsbehov och ansvar inom områdena sexuell läggning och homofobi*. Henta från: [app.rfsl.se/apa/37/public\\_files/UY\\_En\\_utmaning\\_for\\_heteronormen.pdf](http://app.rfsl.se/apa/37/public_files/UY_En_utmaning_for_heteronormen.pdf)
- Schools Out. (2007). *Tackling homophobia, creating safer spaces*: Schools out & Chrystalis. Henta från: [www.schools-out.org.uk/teachingpack/Tackling%20Homophobia,%20Creating%20Safer%20Spaces.doc](http://www.schools-out.org.uk/teachingpack/Tackling%20Homophobia,%20Creating%20Safer%20Spaces.doc)
- Silverschanz, P., Cortina, L. M., Konik, J., & Magley, V. J. (2008). Slurs, snubs, and queer jokes: Incidence and impact of heterosexist harassment in academia. *Sex Roles*, 58(3-4), 179-191.
- Slåtten, H. (2007). *Teasing with derogatory gay/lesbian expression in secondary school and depressive symptoms among gay, lesbian and bisexual adolescents*. Bergen: Det psykologiske fakultet. Masteroppgåve ved Universitetet i Bergen.
- Slåtten, H., Anderssen, N., & Fosse, E. (2007). *Førebyggjing og handtering av homofobisk erting i ungdomsskulen; oversikt og forslag til tiltak*. Bergen: Avdeling for samfunnspyskologi, Universitetet i Bergen.
- Smestad, B. (2007). *Ressurspakke for undervisning om homofili i profesjonsutdanningene*, versjon 1.04. Oslo: Høgskulen i Oslo. Henta från: <http://home.hio.no/~bjorsme/homoproff/ressurspakke.doc>
- Smith, G. W. (1998). The ideology of "fag": The school experience of gay students. *Sociological Quarterly*, 39(2), 309-335.
- Sundnes, A. E. C. (2003). *Kamp om ordet; en fortolkede studie av seksuelle skjellsord blant ungdom*. Oslo: Det utdanningsvitenskapelige fakultet- pedagogisk forskningsinstitutt. Hovedoppgave ved Universitetet i Oslo
- Szalacha, L. A. (2003). Safer sexual diversity climates: Lessons learned from an evaluation of Massachusetts safe schools program for gay and lesbian students. *American Journal of Education*, 110(1), 58-88.
- The Safe Schools Coalition. (2005). A Teacher's guide to intervening in anti-gay harassment. Henta från: <http://www.safeschoolscoalition.org/TeachersGuideIntervene.pdf>
- Thurlow, C. (2001). Naming the "outsider within": homophobic pejoratives and the verbal abuse of lesbian, gay and bisexual high-school pupils. *Journal of Adolescence*, 24(1), 25-38.
- Tones, K., & Green, J. (2005). *Health promotion; planning and strategies*. London: SAGE Publications.

- Utdannings- og forskningsdepartementet. (2006). *Kunnskapsløftet; læreplan for grunnskolen og videregående opplæring*: Utdanning- og forskningsdepartementet.
- Warner, J., McKeown, T., Griffin, M., Johnson, K., Ramsay, A., Cort, C., et al. (2004). Rates and predictors of mental illness in gay men, lesbians and bisexual men and women - Results from a survey based in England and Wales. *British Journal of Psychiatry*, 185, 479-485.
- Warwick, I., & Douglas, N. (2001). *Safe for all; a best practice guide to prevent homophobic bullying in secondary schools*. London: Stonewall. Henta fra: [www.stonewall.org.uk/documents/mfbn\\_Safe\\_For\\_All\\_PDF\\_Format.pdf](http://www.stonewall.org.uk/documents/mfbn_Safe_For_All_PDF_Format.pdf)
- Weinberg. (1972). *Society and the healthy homosexual*. New York: St.Martin's press
- Wichstrom, L., & Hegna, K. (2003). Sexual orientation and suicide attempt: A longitudinal study of the general Norwegian adolescent population. *Journal of Abnormal Psychology*, 112(1), 144-151.
- Williams, T., Connolly, J., Pepler, D., & Craig, W. (2005). Peer victimization, social support, and psychosocial adjustment of sexual minority adolescents. *Journal of Youth and Adolescence*, 34(5), 471-482.
- Witkowska, E. (2005). *Sexual harassment in schools; Prevalence, structure and perceptions*. Stockholm: National Institute for Working Life.
- AAUW. (2001). *Hostile hallways; bullying, teasing, and sexual harassment in school*. Washington, DC: American Association of University Women Educational Foundation

**Vedlegg: Ressurshefte for lærarar: Førebygging og handtering av homofobisk erting**

# **RESSURSHEFTE FOR LÆRARAR:**

## **Førebygging og handtering av homofobisk erting**

**av**

**Hilde Slåtten  
Norman Anderssen  
Ingrid Holsen**

***NB: Dette er ein råtekst som treng betre layout ved eventuelt opptrykk.***

UNIVERSITETET I BERGEN. HEMIL-SENTERET  
Senter for forskning om helsefremmende arbeid, miljø og livsstil.  
AVDELING FOR SAMFUNNSPSYKOLOGI  
OG UNIFOB HELSE

## FØREORD

Dette er ein rapport som Barne- og likestillingsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har finansiert.

Tiltaksplanen er laga til lærarar i ungdomsskulen for at dei skal bli betre i stand til å førebyggje og handtere homofobisk erting, og for at elevane på ungdomsskulen skal bli verna mot å høyre homonegative utrykk bli brukt i deira skulemiljø.

I følgje Opplæringslova § 9a-3 skal skulen: *"aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyre. Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn"* (Opplæringsloven, 2002). Mobbemanifestet vart signert for andre gong med mål om å fortsetje arbeidet med å førebyggje mobbing, og her vart det i tillegg presisert at homofobi skal takast alvorleg; *"Manifestpartane skal saman og gjennom innsats retta mot eigne målgrupper medverke aktivt til at barn og unge ikkje blir utsette for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, vald, rasisme, homofobi, diskriminering eller utesetjing"* (Regjeringa, 2006,s 6).

Me vil takke dei tri skulane som hausten 2007 tok del i utprøvinga av fleire av tiltaka som er skildra i dette ressursheftet: Gloppen ungdomsskule i Sogn og Fjordane, Kleppestø ungdomsskule i Hordaland og Lye ungdomsskule i Rogaland.

For ein fyldigare gjennomgang av dei forskjellige tema i dette ressursheftet, sjå:  
"Førebygging og handtering av homofobisk erting i ungdomsskulen. Revidert rapport med utprøving og forslag til tiltak" av Slåtten, Anderssen og Holsen, 2008).

Bergen, 31. mai 2008

Hilde Slåtten

Norman Anderssen

Ingrid Holsen

# INNLEIING

## **Homofobisk erting**

Homofobisk erting er ei særskilt form for erting der ungdom brukar ord og uttrykk om homoseksualitet for å kritisere, rakke ned på eller for å uttrykke noko som er teit, dumt, sprøtt, därleg eller ukult. Ertингa inneheld bruk av kallenamn slik som ”homo”, ”homse”, ”soper”, ”lesbe” og uttrykk som ”det er så homo” og liknande. Erting med homo-ord elevar i mellom kan ha fleire tydingar. Nokre gonger er ertinga negativt meint og negativt oppfatta, andre gonger vert homo-ord nytta som vennlegsinna erting. Sjølv om erting med homo-ord ikkje treng vere vondsinna, ligg det likevel ei underforstått forståing av negativitet knytt til homoseksualitet i denne ordbruken.

Alle elevar er utsette for å bli erta med homo-ord. Men elevar som ikkje følgjer normer for korleis det er forventa at ein gut eller ei jente skal te og kle seg, eller som har interesser eller behov som skil seg frå det me tradisjonelt assosierer med maskulinitet og femininitet, er særskilt utsette. Ein annan ting er at opne homofile og lesbiske ungdommar truleg oftare vert krenka og utsett for kallenamn og generell mobbing enn andre ungdommar, ofte utan at ein nyttar homo-ordet. Samla sett er det såleis behov for at lærarar set i gang med å systematisk førebyggje homofobisk erting i ungdomsskulen.

Ungdomsskulen kan mykje tydelegare hindre dei aktivitetane som føreset ei negativ rangering av homoseksualitet, og her er homofobisk erting noko av det viktigaste å gå laus på. Ein kan syne til ein parallel til å erte med homo-ord: det å erte med rasistiske ord. Det er ingen i dag som seier ok til at ein nyttar ”pakkis” som skjellsord, anten ertinga er godlynt eller ikkje. Dette sit i ryggmargen på lærarar og foreldre, og dermed òg elevar. Slik kan det bli med homo-ord òg.

## **Lesbisk og homofil ungdom flest**

Lesbisk og homofil ungdom er som ungdom flest, og det er ikkje lett å snakke om dei som ei velavgrensa gruppe. Dessutan er det mange elevar som i dag ikkje veit at dei seinare kjem til å identifisere seg som homofil eller lesbisk. For å gjere lesinga lettare, vil me likevel nytte skrivemåten lesbisk og homofil ungdom utan å heile tida understreke alle skilnadene desse ungdommane i mellom.

Vårt viktigaste bodskap i dette avsnittet er at homofil og lesbisk ungdom er like forskjellige frå kvarandre som alle andre ungdommar, og at dei har dei same gledene og sorgene som andre. Det dei i tillegg har, som andre ungdommar slepp, er utfordringa med å vere i ferd med å identifisere seg inn i ein type kategori som dei veit vil få store konsekvensar for dei. Truleg tek dei fleste unge homofile og lesbiske ungdommar denne utfordringa, og mange vil vekse på dette. Men nokre av dei vil i utgangspunktet vere sårbare for påkjenningar i livet, og desse vil måtte nytte meir energi og slite for å takle posisjonen som homofil eller lesbisk.

## KVIFOR FØREBYGGJE HOMOFOBISK ERTING?

### Negative konsekvensar for homofile og lesbiske ungdommar

Erting med homofile og lesbiske uttrykk kan vere personleg krenkande for lesbiske og homofile gjennom det nedsetjande premissset som ligg i botn; det at ertinga berre fungerer når homoseksualitet vert sett som noko därleg. Når homofile og lesbiske elevar vert utsett for homofobisk erting på skulen, kan det skape ein negativ atmosfære i skulekvardagen deira og få dei til å kjenne seg utrygge. Studiar har vidare vist at homofil og lesbisk ungdom som vert utsett for erting med homo-uttrykk har fleire depressive symptom, og andre psykiske problem enn homofil og lesbisk ungdom som ikkje har vorte utsette for dette.

Dersom ein samanliknar gjennomsnittet av heteroseksuelle ungdommar med gjennomsnittet av lesbiske og homofile ungdommar, syner det seg at gjennomsnittet blant homofile og lesbiske ungdommar skårar noko høgare på fleire mål på om ein har det vanskeleg. Ei norsk undersøking tyder på at ein større del av desse ungdommane enn andre ungdommar har prøvd å ta livet av seg. Det er mest rimeleg å tolke desse skilnadene som ein dynamikk der ein for det første tek utgangspunkt i at homoseksualitet blir marginalisert og forskjellsbehandla i samfunnet vårt (sjølv om det truleg er lettare i dag å erkjenne seg som homofil eller lesbisk enn for nokre tiår sidan). For det andre vil dei lesbiske og homofile ungdommane som er psykologisk sårbare, lettare reagere med personleg liding, og desse vil dra opp gjennomsnittet for heile gruppa av lesbiske og homofile ungdommar.

## **Homofobisk erting råkar alle elevar**

Homofobisk erting råkar ikkje berre elevar som på nåverande tidspunkt ser seg sjølve som homofile eller lesbiske. Eit miljø som tillet homofobisk erting vil òg råke elevar som seinare vil identifisere seg som homofile eller lesbiske, og det vil råke elevar med foreldre, sysken og andre nære personar som er homofile eller lesbiske. Studiar med heterofile elevar viser at det òg for dei kjennest negativt å bli erta med homo-ord, og at deira psykiske helse faktisk vert negativt råka av å bli kalla med homofobiske tilnamn.

Vidare vil homofobisk erting verke disiplinerande på ein negativ måte for alle elevar, heteroseksuelle og homoseksuelle, når det gjeld mange slags relasjonar til folk av same kjønn. Til dømes; jo meir homofobisk erting, jo meir vil ein gut late vere å ta på ein annan gut på ein venlegsinn måte, bortsett frå i helt spesielle samanhengar som til dømes på fotballbanen. Difor er førebygging av homofobisk erting i ungdomsskulen ikkje ei spesialsak kun for dei elevane som måtte identifisere seg som homofile eller lesbiske.

## **Å tillate homofobisk erting utgjer vilkår for at barn og unge lærer negative haldningar til lesbiske og homofile**

Å tillate negative kommentarar med homo-ord i skulen utgjer eit viktig vilkår for at negative haldningar til lesbiske og homofile skal få leve vidare blant barn og unge. Homofobisk erting kan vere med på å forsterke negative haldningar til homofile og lesbiske. Når lærarar ikkje grip inn når dei høyrer uttrykk som "homo" bli brukt på negative måtar, signaliserer dei at homofobisk erting er ok, og byggjer opp under elevane sine fordommar. Dette kan legitimere andre og meir alvorlege former for homofobisk erting. Når lesbiske og homofile elevar vert vitne til at lærarane ikkje konfronterar nedsetjande kommentarar med homo-ord, vert det klart for dei at det ikkje vil vere noko støtte å hente hjå lærarane eller skuleleiinga dersom dei sjølve skulle bli utsette for homofobisk erting. Homofobisk erting som vert oversett av lærarane, signaliserer dessutan til dei som ertar at dei kan fortsetje med ertinga utan negative følgjer. Lærarar som derimot konsekvent grip inn i ertesituasjonar, viser at homofobisk erting er uakseptabelt og at det ikkje vil bli tolerert. Det er difor viktig at lærarane i ungdomsskulen eller endå tidlegare iretteset ungdom som bruker ord som "homo" som skjellsord, eller som nedrakking av kvarandre. Ved å ta tak i dette tidleg, kan lærarane spele ei viktig rolle i elevane si utvikling av haldningar og verdiar knytt til eit mangfald av identitetar.

## Nasjonale føringer om førebygging av homofobisk erting i norske skular

I følgje Opplæringslova § 9a-3 skal skulen:

*"aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyre. Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn"*

Skulane er med dette plikta til å etablere eit læringsmiljø kor elevane kan kjenne seg trygge. I følgje Kunnskapsløftet for grunnskulen og vidaregåande opplæring frå 2006 skal skulen og lærebodrifa *"Sikre at det fysiske og psyko-sosiale arbeids- og læringsmiljøet fremmer helse, trivsel og læring"*. Skulen bør difor vere ein stad der homofile og lesbiske og alle andre er verna mot erting frå medelevar som føreset diskriminerande tankesett. Òg unge homofile og lesbiske har rett til eit ikkje-trakasserande skulemiljø, det vil seie ein kvardag der homofobisk erting ikkje førekjem.

Mobbemanifestet vart underskrive for fyrste gong i 2002 av Regjeringa, Kommunenes Sentralforbund, Utdanningsforbundet og Foreldreutvalget for grunnskulen. Dette hadde som formål å oppnå nulltoleranse mot mobbing innan 2004. Skular som har implementert mobbeprogram som er designa for å redusere og førebyggje mobbing, har oppnådd reduksjon i førekomsten av mobbing. I 2005 vart mobbemanifestet signert for andre gong med mål om å fortsetje arbeidet med å førebyggje mobbing. I det nye manifestet vart det i tillegg presisert at homofobi skal takast alvorleg;

*"Manifestpartane skal saman og gjennom innsats retta mot eigne målgrupper medverke aktivt til at barn og unge ikkje blir utsette for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, vald, rasisme, homofobi, diskriminering eller utesetjing"*

(Regjeringa, 2006, s. 6)

# **TILTAK FOR FØREBYGGING OG HANDTERING**

## **AV HOMOFOBISK ERTING**

### ***1. Etablere nulltoleranse mot homofobisk erting, og inkludere dette i skulen sin handlingsplan mot mobbing***

Det mest effektive tiltaket på skulenivå er å slå fast i overordna planar at skulen har innført nulltoleranse mot homofobisk erting. Det mest eigna dokumentet å gjere dette på er truleg skulen sin handlingsplan mot mobbing. Dei aller fleste skulane har ein slik plan i dag. Skular som ikkje har integrert homofobisk erting i sine handlingsplanar mot mobbing overlèt ansvaret for å slå ned på homofobisk erting til den einskilde lærar. For elevane sin del vil det såleis vere tilfeldig om erting med homo-ord vert slått ned på og sanksjonert i deira skulemiljø eller ikkje. Ein uttalt skulepolicy om at skulen ønskjer ein skule utan homofobisk erting sikrar konsistente reaksjonar fra lærarane samla sett. Den mest eintydige måten å gjere dette på i skulen sine planar er ved å nytte uttrykket nulltoleranse. Dette er eintydig, det gir retning, og det er lett å formidle til elevar og foreldre.

Det er viktig at handlingsplanen gjer det klart at skulen ikkje tolererer at elevane bruker ord som ”homo”, ”lesbe”, ”soper” eller liknande uttrykk til å rakke ned på ein person, og at det ikkje vert tolerert at desse uttrykka vert brukt til å beskrive noko som er negativt (teit, dumt, sprøtt, ukult o.l.). I handlingsplanen mot mobbing bør skulen i alle tilfelle gjere det klårt at ei kvar form for trakassering og intoleranse på grunnlag av seksuell orientering ikkje vil bli akseptert. erting med homo-ord bør behandlast på linje med erting med rasistiske uttrykk.

Arbeidet med å inkludere nulltoleranse mot homofobisk erting krev at både skuleleiinga og lærarane tydeleg støttar ideen om at skulen ikkje skal tolerere homofobisk erting, og at alle er involverte i dette arbeidet. Dersom ikkje leiinga er aktivt involvert, er det lite truleg at nulltoleransen vert følgt opp og får gjennomslagskraft i praksis. Det aller beste ville vore om skuleleiinga og lærarane samla etablerte ein strategi i retning av nulltoleranse mot homofobisk erting på skulen og integrerte han i handlingsplanen mot mobbing. Då ville den einskilde lærar ha full moralsk støtte frå leiinga og kollegaer i å handtere ertinga.

Elevane er sjølv sagt òg viktige aktørar, og dersom skulen har tradisjon for å involvere elevråd eller andre elevar i endringsprosessar ved skulen, bør dette skje her òg. Ein fordel med å involvere elevrådet i arbeidet med å førebyggje homofobisk erting, er at det kan fremja gehør blant elevane i å rette seg etter reglar dei sjølve har vore med på å bestemme.

Foreldra er like så viktige for elevane sine haldningar som skulen. Ein måte å trekke inn foreldra på når det gjeld å samla slå ned på homofobisk erting, kunne vere å ta opp temaet homofobisk erting på foreldremøte. Både elevar, foreldre og skulepersonell bør bli informerte om at skulen skal jobbe for å førebyggje og handtere homofobisk erting. Dersom skulane brukar mobbeprogram slik som Olweusprogrammet eller Zero, kan dei gjerne informere heimane om skulen sin nulltoleranse mot homofobisk erting samstundes som dei gjev foreldra informasjon om desse programma.

Boks 1. *Tiltak knytt til det å inkludere nulltoleranse for homofobisk erting i skulen sin policy.*

#### **Tiltak knytt til det å inkludere nulltoleranse for homofobisk erting i skulen sin policy**

- Sette temaet "erting med homo-ord" på dagsorden blant lærarane
- Invitere elevrådet til å kome med forslag til setningar eller reglar knytt til nulltoleranse for homofobisk erting
- Orientere og motivere foreldra gjennom foreldremøta
- Invitere ein ressursperson frå ein lokal organisasjon eller andre til å orientere lærarkolleget om homofobi
- La ein lærar bruke 1-2 timer på å leite fram dei gjeldande dokumenta der skulen skriftleg har nedteikna sine policyar eller handlingsplaner, eventuelt meir overordna forskrifter eller lover
- Vurdere om konkurrerande prosjekt kan slåast saman, slik at ein nyttar tid til både emnet homofobisk erting og det andre temaet samstundes

Det kan vere tidkrevjande å justere viktige plandokument for ein skule, både fordi sjølve temaet kan vekke motstand ved at kollegaer og foreldre kan tykkje at dette blir eit altfor smalt tema, og fordi det kan ta lang tid å diskutere fram gode formuleringar om homofobisk erting. Mange skular vil òg ha konkurrerande prosjekt, og dei vil måtte prioritere mellom fleire høgverdige prosjekt. I boks 1 er det vist til nokre ulike fasar eller tiltak i arbeidet med å justere skulen sine handlingsplanar slik at dei kan inkludere nulltoleranse for homofobisk erting. Lista passar kan hende ikkje på alle skular, men er meir meint som ei eksempel-liste.

## **2. Byggje og nytte kompetanse blant lærarane i handtering av homofobisk erting**

Norske ungdomsskulelærarar har eit godt generelt grunnlag for å møte homonegativisme gjennom erfaring og utdanning i høve til å handtere spørsmål om marginaliserte grupper, konfliktstoff og liknande. Men dei har kanskje mindre konkret kunnskap om homoseksualitet, homofobisk erting og eventuelle særskilde prosessar knytt til akkurat desse emna, på grunn av lita eller inga dekning i deira grunn- og vidareutdanning.

Det viktigaste ein lærar kan gjere er å gjenkjenne homofobisk erting og språkbruk, og kjenne til kva effekt homofobisk erting kan ha på lesbiske, homofile og andre ungdommar. Vidare bør ein lærar kunne slå ned på homofobisk erting og kjenne seg trygg på at ho eller han då følgjer skulen sin vedtekne policy. Vidare er det alltid ein fordel om læraren kan gje elevane ei forklaring på at skulen ikkje tolererer slik type språkbruk.

Lærarane kan auke kompetansen om homofobisk erting på fleire måtar. Eitt forslag er oppsummert i boks 2.

Boks 2. *Forslag til tiltak for å byggje kompetanse blant lærarane om handtering av homofobisk erting*

### **Tiltak for å byggje kompetanse om homofobisk erting blant lærarane**

- Sørgje for at lærarane har tilgang til informasjonsmateriale om homoseksualitet, førebygging og handtering av homofobisk erting
- Invitere nokon med kompetanse innan homofobisk erting til å undervise lærarar og anna skulepersonell om dette
- Inkludere emnet homofobisk erting i ein planleggingsdag eller fagdag
- Utnemne ein eller to lærarar som kan vere kontaktpersonar for elevsaker som har med homofobisk erting å gjøre, og som kan få ansvar for skulen sitt informasjonsmateriell om emnet
- For skuleleiinga: aktivt spørje lærarane om erfaringane med å handtere homofobisk erting

Ein måte å starte prosessen med å auke kompetansen om homofobisk erting kan vere at skulane bruker delar av ein planleggingsdag eller fagdag til å sette homofobisk erting på agendaen. Her kan skulane stadfeste at dei går inn for ein nulltoleranse mot homofobisk erting, undervise heile personalgruppa om homofobisk erting og utarbeide strategiar for korleis skulen skal setje i verk nulltoleransen mot homofobisk erting i praksis.

Å førebyggje og handtere homofobisk erting er ikkje ei eingongs hending, men ein kontinuerleg prosess. Det er difor avgjerande at skuleleiinga og lærarane kjenner seg forplikta til å utfordre homofobisk erting kvar gong det førekjem.

### **3. Auke bevisstheita om homofobisk erting blant elevane**

Somme elevar veit ikkje forskjellen på ”homo” og ”hetero” sjølv om dei bruker ordet ”homo” på ein nedsetjande måte. Vidare veit mange elevar ikkje at kallenamna dei nyttar byggjer på negative meininger om homoseksualitet, til dømes ”sopar”. Eit viktig skritt er å lære elevane at alle medelevar (homofile og lesbiske, dei som seinare blir homofile og lesbiske, dei med homofile og lesbiske slektnigar og alle heterofile) kan bli såra over den homonegative språkbruken. Difor kan det vere ein god ide å konkret undervise i desse temaat såpass grundig at elevane hugsar at dei ikkje skal erte med homo-ord. Nokre skular gjer dette allereie.

Ein måte for å auke bevisstheita om homofobisk erting, og vidare innføre nulltoleranse mot homofobisk erting, kan vere å bruke ein strukturert aktivitet (sjå boks 3) henta frå ”Project 10”, frå ein ungdomsskule i Los Angeles i California som har jobba systematisk med desse emna i over ti år (Project 10, 2007). Prosedyren er temmeleg bydande i form, og andre prosedyrar er sjølvsagt moglege.

Boks 3. *Døme på korleis lærarane kan ta opp temaet homofobisk erting i klassen (henta frå Project 10, 2007).*

#### **Mogleg prosedyre i klasserommet for å auke bevisstheita om homofobisk erting blant elevane**

8. Lat elevane idemyldre alle typar kallenamn dei har høyrt bli brukte
9. Skriv opp alle kallenamna på tavla
10. Diskuter uttrykka ”rasistisk”, ”seksuell orientering”, ”homofobisk”, ”religiøs”, og kategoriser kallenamna etter desse uttrykka
11. Sørg for at elevane veit at alle kallenamna inneheld fordommar og er vondskapsfulle
12. Slå fast at ingen av kallenamna vil bli aksepterte i klasserommet
13. Gjer det klart at ein ikkje vil tolerere nokre former for nedsetjande kallenamn
14. Forklar kvifor ein ikkje vil tolerere dette og forklar konsekvensane det vil få å bryte denne regelen

Ein annan aktivitet er å diskutere konsekvensar av homofobisk erting i klassen. Dette er beskrive i boks 4. Opplegget er inspirert av ei elevøving henta frå ein britisk rapport om homofobi (Schools Out, 2007).

Boks 4. *Døme på korleis lærarane kan diskutere konsekvensar av homofobisk erting (henta frå Schools Out (2007).*

### **Mogleg prosedyre for å diskutere konsekvensar av homofobisk erting**

6. Lat elevane idemyldre kallenamn dei har høyrt på skulen som er knytt til homoseksualitet (Her kan lærarane ta utgangspunkt i den homofobiske kategorien frå aktiviteten frå boks 3)
7. Spør elevane kvifor dei trur desse kallenavna vert brukt for å rakke ned på ein annan person. Diskuter kva orda eigentleg betyr og kvifor dei enkelte orda er krenkande. Her bør lærarane ta opp temaet fordommar mot homofile og lesbiske
8. Spør elevane korleis dei trur ulike grupper ville reagert om dei vart utsette for homofobisk erting:
  - homofile gutter og lesbiske jenter
  - heterofile gutter og jenter
  - gutter og jenter som lurer på om dei er homofile eller lesbiske
  - gutter og jenter som har nokon i familien som er homofile eller lesbiske
9. Spør elevane korleis dei trur dei ulike gruppene ville reagert dersom dei hadde hørt at desse kallenamna vart brukt for å rakke ned på ein annan person eller for å uttrykke noko som er teit, dumt, sprøtt, därleg eller ukult. (Her bør lærarane leggje vekt på å formidle at homofobisk språkbruk kan opplevast som krenkande sjølv om elevane berre passivt overhører den)
10. Diskuter kva elevane sjølv kan gjøre for å stoppe homofobisk erting

Skular som bruker antimobbeprogram (Olweus-programmet og Zero) kan gjerne ta opp homofobisk erting i deira generelle mobbearbeid. Klassens time eller klasseråd kan òg brukast til å samtale om homofobisk erting

Generelle diskusjonar om tema som har å gjøre med homoseksualitet kan òg vere formålstenelege, men må vere nøye tilrettelagt, då samtalar kring homofili blant ungdom lett kan bli polariserte og lite konstruktive. Det er her viktig at lærarane har gjort ei god førebuing om passande tema å ta opp, slik som dei i boks 4, og at lærarane er klare for å møte og handtere eventuelle fordommar blant elevane. Lærarane bør vidare utfordre fordommar som vert utrykte blant elevane (Jennett, 2004b).

I læreplanane for Kunnskapsløftet for elevar på åttande, niande og tiande trinn vert tema som ulike seksuelle orienteringar teke opp, og det vil truleg vere aktuelt for lærarane å knytte samtalar om homofobisk erting opp mot dette. I boks 5 er det beskrive kva læreplanen seier om homoseksualitet og tema knytta til homoseksualitet, og det er lista opp forslag til diskusjonar som kan takast opp i desse faga.

Boks 5. Kva fagplanen seier om homoseksualitet, ulike tema knytt til dette, og føreslåtte diskusjonar knytta til dei ulike faga (Utdannings- og forskningsdepartementet, 2006).

FAG	LÆREPLANEN SEIER	FØRESLÅTTE DISKUSJONAR KNYTT TIL EMNET HOMOFOBISK ERTING	DØME PÅ SPØRSMÅL TIL ELEVANE
Kristendom-, religion- og livssyns-kunnskap	"Reflektere over etiske spørsmål knyttet til mellommenneskelige relasjoner, familie og vänner, samliv, heterofili og homofili, ungdomskultur og kroppskultur"	Begrensningane som homofobisk språkbruk set for menneskelege relasjoner.	Dersom mange ertar med homo-ord i skulegarden: Korleis kan det virke inn på korleis gutter og jenter seg i mellom leikar?
Naturfag	"Døfte problemstillinger knyttet til seksualitet, ulik seksuell orientering, prevensjon, abort og seksuelt overførbare infeksjoner"	Homofobisk erting relatert til stigmatisering på grunn av seksuelle båsar som kanskje ikkje alltid er like tydelege.	Kor sikre kan me vere på at me er heteroseksuelle eller homoseksuelle?
Norsk	"Døfte hvordan språkbruk kan virke diskriminerende og trakasserende"	Negative konsekvensar i psykisk helse av mobbing og homofobisk erting.  Sårande språkbruk knytt til seksuell orientering.	Kva er verst for dei elevane som kjenner seg ofte utanfor: Å bli erta med homo-ord, eller å bli erta for utsjåaden?  Når snakkar me om lesbiske og homofile på gode måtar og når snakkar me om lesbiske og homofile på därlege måtar?
Samfunnssfag	"Gjere individet medvite om korleis det sosiale felleskapet påverkar haldningar, kunnskapar og haldningar, og korleis den einskilde kan påverke fellsskapet og sin eigen livssituasjon"	Homofobisk erting som ein måte å synne fellesskap på ved at ein inngår i ei stor gruppe som dytta ei anna utanfor.	Kvífor ertar me mindre med homo-ord når me er åleine saman med ein annan samanlikna med når de er mange saman?
	"Samfunnssfag skal difor gje djupare forståing av forholdet mellom samfunnslivet og det personlege livet, og stimulere til erkjenning av mangfoldet i samfunnsformer og levevis"	Homofile og lesbiske og andre har ein lovbestemt rett til vern mot diskriminering.	Kvífor er viktigast: Å verne nokre grupper mot diskriminering eller det at ein kan få seie kva ein vil /ytringsfridom?  Kvífor vert ord om homoseksualitet brukte som erte-uttrykk?
	"Døfte menneskeverd, rasisme og diskriminering i eit historisk og notidig perspektiv med elevar frå andre skular ved å bruke digitale kommunikasjonsverktøy"	Homofobisk erting i ulike kulturar både i og utanfor Noreg.	Kvífor er media meir opptekne av homotrakassering i dag enn for 10 år sidan?
	"Døfte forholdet mellom kjærleik og seksualitet i lys av kulturelle normer"	Samfunn med homonegativisme samanlikna med samfunn med høg toleranse.	Kvífor er nokre kulturar liberale i høve til samekjønnskjærleik og andre ikkje?

## **4. Ta avstand frå og slå ned på homofobisk erting**

Som med all anna erting og mobbing, er det nødvendig at det kjem ein reaksjon frå ein vaksen når nokon ertar med homo-ord. Lærarane må gripe inn og avbryte når elevar bruker ord som "homo" på ein nedsetjande måte eller når elevane ytrar seg med homonegative kommentalar. Lærarane bør gjere dette på same måte som dei ville konfrontert elevar som kjem med rasistiske kommentalar eller andre ikkje-akseptable utsegner.

I møte med homofobisk erting vil me rå til å følgje Olweus si rettleiing om å raskt og bestemt gripe inn i situasjonane der hendinga skjer, eller der det er mistanke om homofobisk erting. Det beste er om læraren sørger for at elevane som er tilstade vert vitne til at læraren slår ned på ertinga. Slik vert elevane gjort oppmerksame på at erting med homo-ord ikkje vil bli tolerert på skulen deira. Men nokre gonger vil det vere naudsynt å trekke elevane som ytrar seg til side for å snakke med han eller henne under fire auge. Elevane bør vidare få beskjed om kva type åtferd og språkbruk skulen reagerer på, kvifor slik språkbruk ikkje er akseptabel, og dei må bli fortalte at gjenteke homofobisk erting vil føre til sanksjonar. I boks 6 er det satt opp døme for korleis lærarar kan handtera homofobisk erting. Døma er henta frå "Project 10; diversity matters" (Project 10, 2007), "Tackling homophobia, creating safer spaces" (Schools Out, 2007) og "A Teacher's guide to intervening in anti-gay harassment" (The Safe Schools Coalition, 2005).

Boks 6. *Døme på korleis ein kan ta avstand frå og slå ned på homofobisk erting.*

### Kva gjer du som lærar når du ser homofobisk erting?

#### 5. Stopp trakasseringa

- Avbryt kommentaren eller stopp den fysiske trakasseringa
  - "Kutt det ut!"
  - "Stopp det med ein gong!"
  - "Det der var IKKJE ok!"
  - "La han vere i fred!"
  - "Det er uakseptabelt"
- Sørg for at alle elevane i området hører kommentarane (frå læraren)
- Ikkje trekk eleven som ytrar seg til side for å snakke med han eller henne privat dersom det ikkje er heilt nødvendig

#### 6. Identifiser trakasseringa

- Set namn på trakasseringa
  - "Den type språkbruk er uakseptabel på denne skulen. Du veit at me ikkje tolererer homofobisk erting meir enn rasisme eller kjønnsdiskriminering"
  - "Det du nett sa er homofobisk"
  - "Du trakasserte nett ved å nytte ord om seksuell orientering"
  - "Du meinte kanskje ikkje å såre nokon, men det der var ei nedsetjande ytring... På ein respektlaus måte sa du at ho var homo".
  - "Det der er mobbing. Det er i mot skulen sine reglar."
  - "Veit du kva det ordet betyr? Det er eit nedsetjande ord for ein som er homofil eller lesbisk. Det er nett som å trakassere nokon med deira hufarge eller religion."

#### 7. Utvid responsen

- Gjer responsen meir generell
  - "Me på denne skulen trakasserer ikkje"
  - "Me i vårt samfunn anerkjenner ikkje slik trakasserande åtferd"
  - "Me har gjort det klart i handlingsplanen mot mobbing at me skal respektere kvarandre sine rettar. Så å bruke eit språk som seier at det er noko gale med å vere homofil, er uakseptabelt"
  - "Denne språkbruken kan òg vere sårande for andre som hører den"
  - "Dei kommentarane bryt skulen sine reglar mot trakassering. Du veit at me ikkje tolererer det"
  - "Det der var vondskapsfullt og kan klassifiserast som seksuell trakassering"

#### 8. Vend blikket framover

- Be om forbetring i komande åtferd
  - "Ver snill, og ta deg ein pause og tenk deg om før du handlar"
  - "Det beste er om du kan bruke saklege argument når du blir irritert"
- Høyр med den som vart erta på dette tidspunktet
  - "Hugs å gje meg beskjed om dette held fram. Me kan gjøre noko for å løyse dette problemet. Me vil at alle skal kjenne seg vel på skulen her."

Når ein elev fortel om sjølvopplevd eller observert homofobisk erting, må læraren ta dette alvorleg, undersøkje nærare og følgje opp. I tråd med Opplæringslova må lærarar varsle skuleleiinga dersom mobbing vert observert, og dette bør òg gjelde alvorleg og gjentakande homofobisk erting. Sjølv om elevane skulle meine at ertinga berre er ein leik, bør dei involverte elevane følgjast opp. Skuleleiinga bør ha klare retningsliner for kva som skal gjerast når homofobisk erting vert rapportert, og konsekvent handle etter dei. Det er viktig at leiinga er engasjert i saka og kjenner seg forplikta til å konfrontere homofobisk erting kvar gong det skjer. Skuleleiinga må vidare følgje opp enkeltilfelle av homofobisk erting for å sørge for at ho ikkje startar opp att.

## REFERANSAR

- Jennett, M. (2004b). *Stand up for us: challenging homophobia in schools. Online resources* Yorkshire: Health Development Agency. Henta frå:  
<http://www.wiredforhealth.gov.uk/cat.php?catid=1101&docid=7707>
- Opplæringslova. (2002). § 9a-3. Det psykososiale miljøet
- Project 10. (2007, Juni 2007). Name-calling in the classroom. Henta frå  
<http://project10.org/index.html>
- Regjeringa (Ed.). (2006). *Manifest mot mobbing; tiltaksplan 2006- 2008*. Oslo: Regjeringen.
- Schools Out. (2007). *Tackling homophobia, creating safer spaces: Schools out & Chrystalis*. Henta frå:  
[www.schoolsout.org.uk/teachingpack/Tackling%20Homophobia,%20Creating%20Safer%20Spaces.doc](http://www.schoolsout.org.uk/teachingpack/Tackling%20Homophobia,%20Creating%20Safer%20Spaces.doc)
- The Safe Schools Coalition. (2005). A Teacher's guide to intervening in anti-gay harassment. Henta frå: <http://www.safeschoolscoalition.org/TeachersGuideIntervene.pdf>
- Utdannings- og forskningsdepartementet. (2006). *Kunnskapsløftet; læreplan for grunnskolen og videregående opplæring*: Utdanning- og forskningsdepartementet.